

# Rådmannen sitt framlegg til budsjett og økonomiplan 2014-2017

- Saman for  
utvikling og velferd



Foto: Emma Ölander Aadland

---

## **Førord**

Dette dokumentet utgjer rådmannen sitt framlegg til formannskap og kommunestyre til budsjett og økonomiplan for åra 2014-2017. Det inneholder talbudsjett, kommentarar og framlegg til vedtak.

Stord, 28. oktober 2013

Magnus Mjør

Rådmann

---

|   |           |
|---|-----------|
| <b>1. RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL BUDSJETTVEDTAK</b>            | <b>5</b>  |
| <b>2. INNLEIING OG SAMANDRAG</b>                                | <b>7</b>  |
| <b>2.1 BUDSJETTPROSESS</b>                                      | <b>9</b>  |
| <b>3. RAMMEVILKÅR, OVERORDNA STYRINGSSIGNAL OG FØRESETNADER</b> | <b>10</b> |
| <b>3.1 OVERORDNA ANALYSE</b>                                    | <b>10</b> |
| 3.1.1 DEMOGRAFI OG KOMMUNEØKONOMI                               | 10        |
| 3.1.2 OVERORDNA KOSTRA-ANALYSE                                  | 13        |
| <b>3.2 ØKONOMISKE FØRESETNADER</b>                              | <b>14</b> |
| 3.2.1 FRIE INNTEKTER  | 14        |
| 3.2.2 SKJØNSMIDLAR  | 15        |
| 3.2.3 MOMSKOMPENSASJON  | 16        |
| 3.2.4 ASYLMOTTAK, MOTTAK FLYKTNINGAR                            | 17        |
| 3.2.5 RESSURSKREVJANDE TENESTEMOTTAKARAR                        | 17        |
| 3.2.6 RENTE OG AVDRAGSKOMPENSASJON                              | 17        |
| 3.2.7 LØNSVEKST OG PENSJONSKOSTNAD                              | 17        |
| <b>3.3 EIGEDOMSSKATT</b>  | <b>19</b> |
| 3.4 INVESTERINGSPLAN/KONSEKVENSJUSTERT BUDSJETT 2018-2023       | 20        |
| <b>4. MÅLSTYRING</b>  | <b>20</b> |
| <b>4.1 OVERORDNA MÅLEKART FOR STORD KOMMUNE</b>                 | <b>20</b> |
| <b>5. BUDSJETTOMRÅDA, DRIFT OG INVESTERINGAR</b>                | <b>22</b> |
| <b>5.1 FORMANNSKAPET</b>  | <b>23</b> |
| 5.1.1 POLITISK  | 23        |
| 5.1.2 ADMINISTRASJON, FELLESUTGIFTER                            | 23        |
| 5.1.3 IKT   | 24        |
| 5.1.4 FOLKEHELSE  | 24        |
| 5.1.5 OVERORDNA PLANLEGGING, KOMMUNAL PLANSTRATEGI              | 25        |
| 5.1.6 KYRKJA, KYRKJEGARDAR                                      | 25        |
| <b>5.2 DRIFTSSTYRET</b>   | <b>26</b> |
| 5.2.1 EFFEKTIVISERING/STILLINGSGRUPPA                           | 26        |
| 5.2.2 LOS-UTVALET/PROSJEKT «SAMAN OM EIN BETRE KOMMUNE»         | 26        |
| 5.2.3 PROSJEKT AREALEFFEKTIVISERING                             | 27        |
| <b>5.3 KOMITÉ FOR OPPVEKST OG UTDANNING</b>                     | <b>27</b> |
| 5.3.2 BARNEHAGAR  | 31        |

---

|   |           |
|---|-----------|
| 5.3.3 KULTURSKULEN                                    | 32        |
| 5.3.4 BARNEVERN                                       | 33        |
| <b>5.4 KOMITÉ FOR NÆRING, MILJØ OG KULTUR</b>         | <b>33</b> |
| 5.4.1 KULTUR OG IDRETT                                | 33        |
| 5.4.2 BIBLIOTEK                                       | 34        |
| 5.4.3 BRANN, REDNING OG FEIING                        | 35        |
| 5.4.4 BEREDSKAP                                       | 35        |
| 5.4.5 LANDBRUK, MILJØ OG NÆRING                       | 35        |
| 5.4.6 SUNNHORDLAND LUFTHAMN AS                        | 36        |
| 5.4.7 REGULERING, BYGGJESAK, OPPMÅLING                | 37        |
| <b>5.5 KOMITÉ FOR REHABILITERING, HELSE OG OMSORG</b> | <b>38</b> |
| 5.5.1 SOSIALTENESTER, NAV                             | 41        |
| 5.5.2 SOSIAL OG FØREBYGGANDE TENESTER                 | 41        |
| 5.5.3 HABILITERING                                    | 42        |
| 5.5.4 INSTITUSJONSDRIFT                               | 42        |
| 5.5.5 AKTIVITET OG REHABILITERING                     | 42        |
| 5.5.6 HEIMEBASERTE TENESTER                           | 43        |
| 5.5.7 KUNDETORGET                                     | 43        |
| 5.5.8 BUSTADER FOR PERSONAR MED SÆRSKILTE BEHOV       | 43        |
| 5.5.9 LEGETENESTA                                     | 43        |
| <b>5.6 KOMMUNALE FØRETAG</b>                          | <b>44</b> |
| 5.6.1 STORD KOMMUNALE EIGEDOM KF (SKE KF)             | 44        |
| 5.6.2 STORD VATN OG AVLAUP KF (SVA KF)                | 45        |
| <b>6. FINANS, AVGIFTER, BETALINGSSATSAR</b>           | <b>47</b> |
| <b>6.1 GEBYR OG BETALINGSSATSAR</b>                   | <b>47</b> |
| <b>6.2 FINANSINNTEKTER OG –UTGIFTER, LÅNEGJELD</b>    | <b>47</b> |

# 1. Rådmannen sitt framlegg til budsjettvedtak

1. Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan for åra 2014-2017 med desse endringane:  
...  
  
2. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.  
3. a) I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 bokstav a) skal følgjande utskrivingsalternativ for eigedomsskatt nyttast for skatteåret 2014: *Eigedomsskatt på faste eigedomar i hele kommunen.*  
  
b) Skattesatsen vert sett til 2 % av omsetnadsverdien for bustader og fritidseigedomar.  
Skattesatsen vert sett til 4 % av omsetnadsverdien for verk og bruk, annan næringseigedom og ubebygd grunneigedom.  
  
c) I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav a) opnar kommunestyret for fritak av eigedomar som er eigde av stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten. Eigedomar som kvalifiserar for fritak etter bestemmelsen og som er eigde av idrettslag, ungdomslag, bedehuslag og liknande skal ha fritak for eigedomsskatt i Stord kommune.  
Sakkunnig nemnd legg fram oversyn over kva eigedomar dette kan gjelda. I tillegg kan eigedom tilhøyrande andre stiftingar/organisasjonar bli vurdert fritekne av kommunestyre på grunnlag av søknad.  
  
Dei eigedomar som i 2013 var innvilga fritak for eigedomsskatt av kommunestyret i medhald av eigedomsskattelova § 7, jf. oversyn i avsnitt 3.3 i budsjettet, skal ha fritak for eigedomsskatt også i 2014.  
  
d) Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar.  
  
e) Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter.  
4. Komunestyret vedtek å ta opp inntil 171 200 000 kr i lån i 2014 som serielån. Låneopptaket er fordelt slik:

|                                      |               |
|--------------------------------------|---------------|
| Startlån til vidare utlån, inntil    | kr 25 000 000 |
| Lån til investering Stord Hamn       | kr 3 060 000  |
| Lån til investering i vatn og avlaup | kr 73 000 000 |
| Andre lån                            | kr 66 940 000 |

Lånegjelta skal nedbetalast med minimumsavdrag.  
Kommunestyret vedtek låneporteføljen til Stord kommune, og alle lån i porteføljen (sjå vedlegg 7.17) kan refinansierast i inneverande år og i budsjettåret 2014. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opphavleg vedtak.  
Kommunestyret vedtek å betale inn unytta låneopptakl med kr 83 000 000 som ekstraordinære avdrag hausten 2013.  
  
5. Kommunestyret vedtek å auka gjeldande trekkrett i Nordea med inntil 25 mill kr. Rådmannen får fullmakt til å disponera trekkretten.  
6. Kommunestyret vedtek satsar for gebyr og avgifter med verknad frå 1. januar 2014 slik det går fram av eige hefte ”Betalingsssatsar for Stord kommune” for:

- Kommunale eigedomsavgifter
- Gebyr for regulerings-, byggesaks-, og oppmålingshandtering
- Betalingssatsar for feiing og tilsyn

7. Kommunestyret fastset slike førebels tilskotssatsar for 2014 til private barnehagar i Stord kommune:

Ordinære barnehagar:

|                       |             |
|-----------------------|-------------|
| Små born/full plass   | kr. 178 280 |
| Store born/full plass | kr. 86 902  |

Satsar for familiebarnehagar og refusjon kapitalkostnader skal vera tilsvarende retningsgjevande satsar frå departementet.

- Stord kommune vil i 2014 busettja 10 flyktingar. Familiesameiningar kjem i tillegg.
- Stord kommune løyver følgjande tilskot over 2014-budsjetten i til nærings- og kulturføremål:

|  |            |
|--|------------|
| - Hordaland olje og gass, driftstilskot, | kr 50 000  |
| - Haukelivegen AS, driftstilskot,        | kr 37 500  |
| - Samarbeidsrådet for Sunnhordland,      | kr 404 600 |
| - Samarbeidsrådet, reiselivssatsinga     | kr 218 000 |
| - Sunnhordland museum,                   | kr 610 000 |
| - Frivilligsentralen,                    | kr 208 000 |
| - Friluftsrådet,                         | kr 240 000 |
| - Stord idrettspark AS,                  | kr 800 000 |
| - Medlemskontingent Stord næringsråd     | kr 26 700  |
| - Atheno AS, Maritim industriinkubator   | kr 150 000 |
| - Business Region Bergen                 | kr 0       |

Komit  for næring, milj  og kultur f r fullmakt til   disponera l yving p  kr 500 000 til nærings- og kulturf rem l. Kommunestyret legg til grunn at komiteen innanfor denne l yvinga finansierer kj p av f rstelinetenester for bedriftsetablerarar, og ber r dmannen fremja ei sak for komiteen om dette.

- L yvinga p  kr 200 000 til oppf lging av Kommunal planstrategi for Stord kommune skal nyttast til vidaref ring av kommunedelplan/omr deanalyse for Sagv g-Litlab .
- Kommunestyret vedtek budsjettfralegget fr  Stord vatn og avlaup KF, inklusiv rammeoverf ring til veg, trafikk og parkering slik det ligg f re.
- Kommunestyret vedtek budsjett for 2014 for Stord kommunale eigedom KF inklusiv rammeoverf ring til park/gr nt slik det g r fram av r dmannen sine kommentarar til budsjetten, avsnitt 5.6.1.
- Kommunen avviklar fr  og med 2014 sykkelbyavtalen med Hordaland fylkeskommun og Statens vegvesen. Kommunen vil i staden arbeide for   utvikla eit teneleg gang- og sykkelvegnett gjennom den ordin re planlegginga.
- R dmannen skal i l pet av f rste halv r leggja fram ei sak som syner korleis posten p  4 mill. kr «Effektivisering/Stillingrupa» skal dekkast inn.

## 2. Innleiing og samandrag

Rådmannen sitt framlegg til budsjett og økonomiplan for åra 2014-2017 byggjer på gjeldande økonomiplan, budsjettrevisjon for første tertial og utviklinga elles i 2013, og regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2014. Avtropande regjering gjev i sitt budsjettforslag Stord kommune ein auke i inntektene på 54 mill. kr i høve til 2013. Summen dekker ikkje Stord kommune sine auka utgifter til løn, pensjon og som følgje folketalsvekst og –samansetnad.

Stord kommune er registrert i ROBEK, register for betinga kontroll. Budsjettforslaget legg opp til å dekka inn siste del av det akkumulerte underskotet i 2014. Kommunen har likevel økonomiske utfordringar. Analyser med utgangspunkt i KOSTRA syner at Stord i 2012 hadde eit kostnadsnivå drygt 30 mill kr over det kommunen sine inntekter skulle tilsei, noko som langt på veg er i samsvar med utgangspunktet for arbeidet med 2014-budsjettet. I tillegg til å tilpassa utgiftene til inntektene skal kommunen også dekka inn tidlegare underskot med 13,1 mill. kr.

Kommunestyret innførte full eigedomsskatt frå og med 2013. I vedtaket heiter det at skatten skal nyttast til nedbetaling av oppsamla underskot og sidan til investering i skulebygg og institusjonsplassar. Rådmannen sitt budsjettforslag er lojal i høve til dette. Det inneber at budsjettforslaget for 2014 er saldert med eit overskot på 39,2 mill. kr, tilsvarande rundt 3 % av brutto driftsbudsjett. For å nå dette budsjettmålet har det vore naudsynt å redusera drifta i høve til 2013-nivå. Budsjettet har ei brutto driftsramme på 1,1 mrd. kr og rom for å yta mange og gode tenester. Budsjettforslaget er likevel stramt. Det er ikkje lagt inn reservar («buffertar»), og budsjettet vert følgjeleg også komande år sårbart for avvik og uføresette hendingar.

Rådmannen legg i samband med handsaminga av budsjett og økonomiplan 2014-2017 også fram ei skisse til eit ti-års investeringsprogram til og med 2023. Programmet tek utgangspunkt i budsjettforslaget med dagens driftsnivå og investeringsprogram, og vedtekne sektorplanar. Skissa er ikkje uttømmande når den viser driftskostnader. Den syner likevel at investeringsprogrammet i planperioden 2014-17 vil gje monalege utfordringar for driftsbalansen i åra 2018-2023. Lånegjelda er sterkt aukande i økonomiplanperioden.

Elevressursen i Storskulen er vidareført på 2013-nivå, men ikkje justert for løns- og prisauke. Symjeundervisninga vert og vidareført på nivå som tidlegare år, men ein vil i 2014 etablira eit meir einsarta tilbod skulane imellom. Det vil bli to skuletimar valfag også for 10. klassesteg, i samsvar med forslaget til statsbudsjett. Budsjettforslaget legg opp til ei strammare handheving av søker om skulebyte, og legg til grunn at det vil gje ei innsparing på klassestilling. Det er forslag om planmidlar til Stord ungdomsskule i 2015 med byggjestart 2016. Tredje byggjesteg på Langeland skule ligg inne i 2014. Det gjer også investeringar i ventilasjon og lærararbeidsplassar på Hystad skule.

I overkant av 1100 barn eller rundt 90% av born i føreskulealder, har barnehageplass i Stord kommune. Kommunen har full barnehagedekning, men marginane er små. Det er forslag om å auka kapasiteten med ti plassar i 2014, som er knapt i høve til den veksten som er venta. Det er forslag om å utarbeida ein kommunelplan for barnehagesektoren i 2014. Overføringane til private barnehagar vil venteleg vera 110 mill. kr i 2014. Kulturskulen vert vidareført på 2013-nivå, med i overkant av 900 elevar. Barnevernet får vidareført dei same budsjett rammene som føregåande år, noko som tilseier at tenesta må legga vekt på å redusera kostnader og omfanget på tiltaka

Driftsbudsjetta innanfor næring, miljø og kultur i er i hovudsak vidareført på dagens nivå. Det er framlegg om 16,8 mill. i perioden til påkosting av Kulturhuset i samsvar med plan for oppgradering. Mellom anna ventilasjonsanlegga er slitne etter 35 års drift, det vil vera stor energievinst ved utskiftinga. Løyving til motorcrossbana i Hustrudalen ligg inne i 2014 i samsvar med kommunestyrevedtak. Det er framlegg om ei løyving på 18 mill. kr i perioden til påkosting av anlegget på Vikahaugane. Utfordringane er omfattande, med m.a. fuktproblem/drenering, og utsikfting av golv. Rackethallen er vurdert å ha ei restlevetid på tre år, det ligg ikkje inne løyving til rehabilitering/ny hall i budsjettframlegget.

Det er heller ikkje i dette budsjettforslaget funne rom for å styrka vedlikehaldet av kommunale bygg. Budsjettet til Stord kommunale eigedom KF er foreslått vidareført på 2013-nivå. Det er likevel framlegg om 3 mill. kr til påkosting av kommunale bygg i 2014, og 7,5 mill. årleg investering i enøk, innemiljø, brannsikring og HMS-tiltak. Føretaket sitt akkumulerte underskot er foreslått dekka inn over basisorganisasjonen sitt driftsbudsjett.

Folketalet i kommunen aukar, med eit gradvis større innslag av eldre innbyggjarar, yngre med ulike funksjonshemminger og personar med rusproblematikk. Budsjettforslaget tek ikkje fullt ut høgde for denne utviklinga. Drifta innanfor rehabilitering, helse og omsorg er i hovusak vidareført, men tenestene går inn i 2014 med reduserte rammer. Det er ei utfordring at kommunen manglar i overkant av 40 sjukeheimslassar i høve til den statlege norma. Det er ikkje funne rom for drift av tre nye plassar ved Stord sjukeheim og to rom ved Rehabsenteret.

Kommunen har søkt deltaking i Bustadsosialt velferdsprogram med målsetting at fleire vanskelegstilte skal bu i stabile og varige buforhold. Av økonomiske årsaker er det forslag om å avvikla lågterskel arbeidstilbod for personar med rusvanskar i samarbeid med Kirkens bymisjon. Støtteteamet, eit tverrfagleg familie lågterskeltibod foreslått avvikla, og oppstart av nytt bufellesskap for brukar med særskit behov foreslått utsett fire månader.

Bemanningsa på helsestasjonane er på den andre sida auka. Midlar til nye dagaktivitetsplassar er lagt inn i 2015. Sunnhordland interkommunale legevakt IKS skal vera i drift i januar 2014, og arbeidet med å planleggja korttids-/observasjonsplassar går vidare. Det er forslag om ei løyving til eit kvalitetsutviklingsprosjekt på omsorgsteknologi og heimerehabilitering

Tiltak innanfor VA-sektoren er i utgangspunktet basert på hovudplanane for vassforsyning og avlaup. På avlaupssida overstyrer likevel reinsekrava frå Klima- og forureiningsdirektoratet kommunedelplanen. Det vil påløpa store investeringsutgifter som følgje av desse reinsekrava, men anslaga er svært uvisse. Det er ikkje framlegg om å auka avgiftene i 2014.

Det er framlegg om 4 mill. kr årleg investering i veg og trafikksikring, ein auke på tidlegare år. Driftsbudsjettet for fagavdelinga Veg, trafikk og parkering er tilpassa inntektstap frå parkeringsgebyr og -avgifter i samband med bygging av nytt parkeringshus i tilknyting til Amfi-senteret på Leirvik.

Kyrkjeleg fellesråd sitt driftsbudsjett vert vidareført i 2014. Det er i 2014 framlegg om 1,55 mill til takvøla Nysæter kyrkje. Det er i tillegg framlegg om ei løyving på kr 150 000 til ferdigstilling av kjølerom. Dei tre neste åra (2015-17) 1,5 mill kvart år til vidare rehabilitering av kyrkjene og 0,2 mill. til utstyr. Naudsynt utviding av Nysæter gravplass er foreslått i 2014-15, medan prosesjonsveg i samband med ny gravplass i Frugarden er foreslått avventa til 2016-17.

## 2.1 Budsjettprosess

Det er lagt opp til slik handsaming av budsjettet og økonomiplan 2014-17:

| Aktivitet:   | Tidspunkt        |
|--|------------------|
| Rådmannen legg fram sitt budsjettforslag   | 28. oktober      |
| Formannskapet legg budsjettet ut til alminneleg ettersyn, jf. kommunelova § 45 nr. 3 | 11.-12. november |
| Budsjettħøyringar i komiteane  | 19.-21. november |
| Kommunestyret vedtek årsbudsjett   | 28. november     |
| Komiteane handsamar detaljbudsjett   | 16.-18. desember |

ProsesSEN og sjølvE budsjETTdokumentet er lagt opp i samsvar med etablert praksis og kommunen sitt økonomireglement, vedteke i kommunestyret i sak 65/12. Etter dette har kommunestyret slikt ansvar og mynde i budsjettsaker:

1. Kommunestyret skal innan utgangen av året i samsvar med kommunelova vedta årsbudsjettet for komande kalenderår og ein økonomiplan for dei tre påfølgjande budsjettåra.
2. Kommunestyret vedtek skatteanslag, rammetilskot, statlege overføringer, andre overføringer, netto avsetningar og finansinntekter og –utgifter. Kommunestyret fastset avgifter og prisar på varer og tenester når slik vedtaksrett ligg til kommunestyret etter lov eller føresegner.
3. Kommunestyret fastset internhusleige til Stord kommunale eigedom KF og vedtek overføringa til Stord kommune, samt overføring til grøntavdelinga spesifisert etter ansvar og tenesteområde. Kommunestyret vedtek nettoramme drift i samsvar med budsjettkjema 1A, fordelt på formannskapet, komiteane og Stord vatn og avlaup KF inklusiv overføring til fagområda veg, trafikk og parkering, spesifisert etter ansvar og tenesteområde.
4. Kommunestyret vedtek investeringsbudsjettet som hovudregel per investeringsprosjekt i samsvar med budsjettkjema 2A og 2B.
5. Kommunestyret vedtek føretaka sine økonomiplanar og budsjett, inklusive investeringar, betalingssatsar og avgifter.

Rådmannen skal etter same reglement utarbeida eit samla framlegg til økonomiplan og budsjett som grunnlag for kommunestyret si behandling. Budsjettet skal vera realistisk, fullstendig og i balanse. Driftsbudsjettet skal angi netto driftsramme pr. komité og tenesteområde. Rådmannen sitt framlegg skal bygge på vedteken økonomiplan og andre føresetnader vedteke av kommunestyret, og vera konsekvensvurdert i høve endra føresetnader og vilkår.

Komiteane skal i sin tur fordela nettoramme drift i vedteke rammebudsjett på dei ulike resultateiningane innanfor sine ansvarsområde. Rådmannen vil utarbeida framlegg til fordeling for komiteane på bakgrunn av kommunestyret sitt vedtak 28. november.

### 3. Rammevilkår, overordna styringssignal og føresetnader

#### 3.1 Overordna analyse

##### 3.1.1 Demografi og kommuneøkonomi


Ein viktig føresetnad for økonomiplanen er folketalsutviklinga i kommunen og samansetjinga. Folketalet 1. januar 2013 var på 18 161, ein auke på 172 frå 2012 (1,1 %).

Folketalet i Stord har dei siste ti åra auka med i snitt 1,1 % i året. Det var først og fremst innvandring som stod for auken også i 2012, med netto innvandring på 174 personar. Netto innanlandsk flytting var negativ (-72), medan kommunen hadde eit fødselsoverskot i 2012 på 105. Stord har enno ein relativt ung befolkning, men stordabuen vart i snitt 41 dagar eldre i 2012. I snitt vart nordmenn og hordalendingar 21 dagar eldre. Det er eit overskot av unge menn i kommunen, med 93 damer per 100 menn (20-39 år).


Frå 2013 til 2030 legg SSB til grunn ein vekst for Stord på 24,5 %, eller mest 4 500 personar. Venta vekst i fylket er 21,8 %, i landet 19,5 %. Stord har generelt ein yngre befolkning enn landssnittet. Oppstillinga under syner venta folketalsutvikling for Stord fordelt på aldersgrupper fram til 2017.

| Folketalsutvikling Stord kommune 2014-17. Kjelde: SSB. |               |               |               |               |               |
|--|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
|  | 2013          | 2014          | 2015          | 2016          | 2017          |
| <b>0-5 år</b>  | 1 479         | 1 535         | 1 584         | 1 584         | 1 603         |
| <b>6-15 år</b>   | 2 566         | 2 526         | 2 533         | 2 586         | 2 605         |
| <b>16-66 år</b>  | 11 987        | 12 157        | 12 284        | 12 440        | 12 562        |
| <b>67-79 år</b>  | 1 476         | 1 588         | 1 666         | 1 742         | 1 852         |
| <b>80-89 år</b>  | 533           | 546           | 556           | 562           | 577           |
| <b>90 år og eldre</b>                                  | 120           | 125           | 126           | 127           | 132           |
| <b>Sum</b>   | <b>18 161</b> | <b>18 477</b> | <b>18 749</b> | <b>19 041</b> | <b>19 331</b> |

Figuren på neste side syner faktisk utvikling i ulike aldersgrupper frå 2000 til 2013, vidareført med Statistisk sentralbyrå sine framskrivingar 2014-2030.



Tabellen syner at det er venta vekst blant dei yngste dei neste åra; frå 2013 til 2030 meiner SSB at det vil vera ein vekst i aldersgruppa 0-5 år på 19,7 %, 6-15 år på 24,3 %. Nivået i år 2000 = 100 (gjeld begge grafane).




Talet på personar 67-79 år vil ifølgje SSB auka kraftig dei neste åra. I gruppa 80-89 er det venta ei moderat utvikling, men med ein kraftig vekst etter 2020. Personar i aldersgruppa over 90 vil auka noko dei neste åra.

Den demografiske utviklinga har innverknad på nivået på dei statlege overføringsane. Meininga er at rammetilskotet skal reflektera at dei ulike aldersgrupper ikkje kostar kommunen det same. Samstundes er det uvisst om kommunen får reduserte kostnader som følgje av demografiske endringar, og ein vil i så fall oppleva at det vert mindre pengar til rådvelde. På bakgrunn av SSB sine framskrivingar er det berekna at Stord kommune kan få meirutgifter på om lag 8,3 mill. kr i 2014. Vekst i alle aldersgrupper unntake 6-15 år og 90 år og eldre gjev auka kostnader for Stord. Tabellen under syner berekna demografikostnader i åra 2014-17, basert på opplegget til Teknisk berekningsutval.

**Berekna meir-/mindreutgifter 2014-17 knytt til den demografiske utviklinga. Stord kommune. Faste 1000 2013-kr. Kjelde: SSB/TBU.**

|  | 2014         | 2015          | 2016          | 2017          |
|--|--------------|---------------|---------------|---------------|
| <b>0-5 år</b>                          | 4 956        | 6 676         | -707          | 2 156         |
| <b>6-15 år</b>                         | -4 361       | 985           | 7 456         | 2 673         |
| <b>16-18 år</b>                        | -1 538       | -1 730        | -3 268        | 961           |
| <b>19-66 år</b>                        | 2 386        | 2 342         | 3 010         | 2 029         |
| <b>67-79 år</b>                        | 6 401        | 4 420         | 4 303         | 6 231         |
| <b>80-89 år</b>                        | 1 376        | 1 529         | 917           | 2 293         |
| <b>90 år og eldre</b>                  | -2 423       | 404           | 404           | 2 019         |
| <b>Sum</b>                             | <b>6 797</b> | <b>14 625</b> | <b>12 114</b> | <b>18 361</b> |
| <b>Sum ekskl. 16-18 år<sup>1</sup></b> | <b>8 335</b> | <b>16 355</b> | <b>15 382</b> | <b>17 400</b> |

Denne framskrivinga vil gje Stord kommune auka demografikostnader på om lag 57,5 mill. kr i perioden. Vekst i dei yngre aldersgruppene trekker i retning auka utgifter til barnehage og skule. Fleire personar over 67 år bidreg isolert til auka utgifter til pleie- og omsorgstenester. Tabellen under syner akkumulerte meir-/mindreutgifter i perioden, faste 2013-kroner (1000 kr). Desse utgiftene er likevel føresett kompensert over utgiftsutjamninga og er ikkje innarbeida i budsjettframlegget.



<sup>1</sup> Aldersgruppa 16-18 år kan i stor grad knytast til fylkeskommunen. I sum ekskl. 16-18 år er denne aldersgruppa helde utanfor.

### 3.1.2 Overordna KOSTRA-analyse

Ifølgje KOSTRA brukar Stord kommune mindre pengar (driv meir effektivt) enn gjennomsnittet i 2012. Dette mindreforbruket er anslått til 36,5 mill. kr. I forhold til kommunen sitt «normerte utgiftsbehov» var desse mindreutgiftene på om lag 19,1 mill. kr. Ein har då teke omsyn til kriterier og vekter i inntektssystemet. Når ein i tillegg justerer for at kommunen i 2012 hadde korrigerte frie inntekter<sup>2</sup> på 94 % av landsgjennomsnitt, syner berekninga at ein likevel brukar meir enn det kommunen si inntekt tilseier. Kommunen brukar m.a.o. relativt lite på tenesteyting i dag, men treng altså justera forbruket ytterlegare ned. Denne analysen er ikkje ein fasit på kva som er «rett» nivå, men er ein illustrasjon på at kommunen har tilpassa seg eit forbruksnivå som er høgare enn det inntektene gjev rom for.

Tabellen under syner del av totale netto driftsutgifter på tenesteområda som inngår i kostnadsnøkkelen i inntektssystemet. Sidan tabellen berre omfattar desse tenesteområda vert ikkje summen lik 100. Mellom anna er ikkje kultur og tekniske tenester medrekna.

| Del av totale netto driftsutgifter på tenesteområde som inngår i kostnadsnøkkelen i inntektssystemet. |             |             |             |             |             |
|---|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
|   | Stord       |             | K-gr. 8     | Landet      |             |
|   | 2010        | 2011        | 2012        | 2012        | 2012        |
| Administrasjon og styring   | 8,4         | 7,0         | 6,7         | 7,5         | 8,7         |
| Barnehage <sup>3</sup>  | 1,7         | 15,7        | 17,4        | 15,5        | 14,6        |
| Grunnskoleopplæring   | 33,7        | 29,7        | 28,6        | 27,7        | 24,1        |
| Pleie og omsorg   | 34,2        | 32,3        | 31,9        | 29,7        | 30,4        |
| Kommunehelse  | 4,6         | 4,4         | 4,5         | 4,0         | 4,2         |
| Samhandling <sup>4</sup>  | :           | :           | 2,5         | 2,2         | 2,0         |
| Sosialtjenesten   | 5,0         | 4,2         | 4,4         | 4,6         | 5,3         |
| Barnevern   | 3,9         | 2,8         | 2,9         | 3,3         | 3,1         |
| <b>Sum</b>  | <b>91,5</b> | <b>96,1</b> | <b>98,9</b> | <b>94,5</b> | <b>92,4</b> |

Skilnadene er store kommunane imellom når det gjeld kostnadsstruktur og demografisk samansetting. Både etterspurnad etter tenester og utgiftsbehov vil difor variera. Målet med inntektssystemet er å jamna ut slike skilnader – ein tek frå dei lettdrivne og gir til dei tungdrivne. Gjennom kostnadsnøkklar som består av objektive kriterier og vekter skal ein fanga opp variasjonar i utgiftsbehovet.

Tabellen under syner ressursbruk i Stord kommune på ulike tenesteområde i 2012, sett i samanheng med kommunen sitt berekna utgiftsbehov, dvs. der ein tek omsyn til kriteria og vekter i inntektssystemet. I vurderinga av det samla utgiftsnivået er det i tillegg teke høgde for kommunen sitt nivå på korrigerte frie inntekter.

2 Korrigerte frie inntekter er nivået på dei frie inntektene skatt og rammetilskot korrigert for variasjon i utgiftsbehov.

3 Den kraftige auken i kommunen sin del av netto driftsutgifter til barnehagar frå 2010 til 2011 må sjåast i samanheng med at øyremerka tilskot vart innlemma i ramma frå og med 2011.

4 Frå og med 2012 vart det innført kommunal medfinansiering av spesialisthelsetjenesta og kommunalt betalingsansvar for utskrivningsklare pasienter.

| Ressursbruk/prioritering sett i sammanheng med berekna utgiftsbehov. Stord kommune 2012. Kjelde: KOSTRA (konsern)/KRD, beregninger ved Telemarksforskning. |                             |                           |            |                      |                        |                       |
|--|-----------------------------|---------------------------|------------|----------------------|------------------------|-----------------------|
|  | Beregnet utgifts-behov 2012 | Netto driftsutgifter 2012 |            |                      | Mer-/mindreutgift ift. |                       |
|  |                             | Lands-gjennomsnitt        | Stord      | Stord "normert nivå" | Lands-gjennomsnittet   | "Normert utgiftsnivå" |
|  |                             | kr pr innb                | kr pr innb | kr pr innb           | 1000 kr                | 1000 kr               |
| Barnehage  | 1,0640                      | 7 159                     | 7 578      | 7 617                | 7 609                  | -715                  |
| Administrasjon   | 0,9366                      | 4 265                     | 2 920      | 3 994                | -24 427                | -19 513               |
| Grunnskole   | 1,1153                      | 11 644                    | 12 264     | 12 986               | 11 260                 | -13 113               |
| Pleie- og omsorg   | 0,8730                      | 14 899                    | 13 897     | 13 006               | -18 197                | 16 180                |
| Kommunehelse   | 0,9539                      | 2 041                     | 1 953      | 1 947                | -1 598                 | 112                   |
| Barnevern  | 0,9781                      | 1 522                     | 1 266      | 1 489                | -4 649                 | -4 045                |
| Sosialhjelp  | 0,7470                      | 1 859                     | 1 500      | 1 389                | -6 520                 | 2 022                 |
| <b>Sum</b>   | <b>0,9821</b>               |                           |            |                      | <b>-36 522</b>         | <b>-19 072</b>        |
| <b>Sum inntektsjust.</b>   |                             |                           |            |                      |                        | <b>31 601</b>         |

Etter desse berekningane har kommunen altså mindreutgifter i høve til landsgjennomsnittet (36,5 mill.). Stord brukar også mindre pengar enn det «utgiftsbehovet» staten meiner at kommunen har. Men ein brukar altså likevel meir enn det inntektene tilseier, anslagsvis drygt 30 mill. kr. Analysen seier at Stord kommune enten bør redusera utgiftene eller auka inntektene, og treffer rimeleg bra i høve til dei utfordringane kommunen stod overfor i arbeidet med 2014-budsjetten.

## 3.2 Økonomiske føresetnader

Økonomiplanen og årsbudsjettet er sett opp etter dei rammeføresetnadene som vart gjeve sentralt gjennom kommuneproposisjonen i juni og regjeringa sitt forslag til statsbudsjett.

### 3.2.1 Frie inntekter

Frie inntekter består av rammetilskot, skatteinntekter, momskompensasjon og andre ikkje øyremarka statlige tilskot, og er hovedfinansieringskjelda til kommunen. Prisstigningsføresetnaden som er lagt til grunn i statsbudsjettet er 3,0 %. Lønsveksten er i framlegg til statsbudsjett berekna til å vera 3,5 %. Det er for 2014 lagt opp til ein reduksjon i skatteøyre frå 11,6 % til 11,4 % i 2014.

Statsbudsjettet legg opp til ein nominell skatteauke for kommunen frå 2013 til 2014 med 5,0 %. Kommunen skal i sitt budsjettarbeid ta utgangspunkt i statsbudsjettet sin prognose for frie inntekter men justera for lokale tilhøve knytt til skatteutvikling. Budsjettet skatteinngang i planperioden bygger på kommunen sin skatteinngang dei tre siste åra og utviklinga i 2013. Budsjettframleggget legg til grunn ei skatteinntekt på kr 465 769 000 i 2014. Det inneber ei forventing om at Stord kommune får ei skatteinntekt som ligg på 99,8 % av landsgjennomsnittet. Skatteinngangen var per september 2013 98,4 % av landsgjennomsnittet. Det inneber ein nominell vekst i dei frie inntektene frå 2013 til 2014

på 4,2 %. Ein har lagt folketalet per 1.7.2013 til grunn, oppdaterte folketal 1.1.2014 kan endre rammetilskotet. Enkellementa i skatt og rammetilskot går fram av tabellen nedanfor:

| 1000 kr  | 2013           | 2014           | 2015           | 2016           | 2017             |
|--|----------------|----------------|----------------|----------------|------------------|
| <b>Innbyggartilskot</b>  | 392 480        | 416 941        | 436 043        | 449 327        | 463 008          |
| <b>Utgiftsutjamning</b>  | -6 027         | -10 537        | -10 941        | -11 361        | -11 793          |
| <b>Overgangs- og nyordningar (INGAR)</b>                             | -1 108         | -1 123         |                |                |                  |
| <b>Særskilt fordeling</b>  |                | 868            | 868            | 868            | 868              |
| <b>Ordinært skjønn</b>   | 1 900          | 2 100          | 2 100          | 2 100          | 2 100            |
| <b>Skjønn - tap endringar av inntektssystemet</b>                    | 700            | 700            | 700            | 700            | 700              |
| <b>Kompensasjon Samhandlingsreforma</b>                              | 1 795          | 1 849          |                |                |                  |
| <b>Revidert nasjonalbudsjett</b>                                     | 230            |                |                |                |                  |
| <b>Sum rammetilskot ekskl. inntektsutjamning</b>                     | 389 970        | 410 797        | 428 770        | 441 634        | 454 883          |
| <b>Netto inntektsutjamning</b>                                       | - 8 880        | - 5 551        | - 5 651        | -5 820         | - 5 995          |
| <b>Sum rammetilskot</b>  | 381 090        | 405 247        | 423 119        | 435 814        | 448 888          |
| <b>Skatt på inntekt og formue, vårt anslag</b>                       | 461 376        | 471 239        | 479 742        | 494 134        | 508 958          |
| <b>Sum frie inntekter, avrunda, ekskl. eigedomsskatt</b>             | <b>842 500</b> | <b>876 500</b> | <b>902 900</b> | <b>929 900</b> | <b>957 800</b>   |
| <b>Eigedomsskatt</b>   | 37 000         | 40 000         | 42 000         | 42 436         | 43 709           |
| <b>Sum frie inntekter, avrunda inkl. eigedomsskatt</b>               | <b>879 500</b> | <b>916 500</b> | <b>944 900</b> | <b>972 400</b> | <b>1 001 600</b> |
| <b>Endring i dei frie inntektene (%)</b>                             | 10,4           | 4,2            | 3,1            | 2,9            | 3,0              |
| <b>Endring i dei frie inntektene (%) korrigert for eigedomsskatt</b> | 6,2            | 4,0            | 3,0            | 3,0            | 3,0              |

Ved berekning av frie inntekter i økonomiplanperioden er det lagt til grunn ein realvekst på 2,7 % i året, befolkningsendring i samsvar med folketalsframskriving for kommunen samt dei endringane i rammetilskot som skuldast omlegging av inntektssystemet.

### 3.2.2 Skjønsmidlar

Fylkesmannen har tildelt kommunen 2,1 mill. kr i skjønsmidlar i 2014, mot 1,9 mill. i 2013. Fylkesmannen grunngjев tildelinga slik:

«Kommunen er eit regionsenter for Sunnhordland med mange studentar og tilsette i industri-verksemndene frå andre kommunar.

Kommunen har eit høgt akkumulert meirforbruk som må bli dekt inn i dei nærmaste åra. Meirforbruket er for ein stor del i kommunale føretak.

Kommunen innførte i 2012 eigedomsskatt på verk og bruk. Eigedomsskatten er i 2013 utvida til også bustader og fritidseigedomar.

Det blei for 2013 gitt kompensasjon for inntektssvake kommunar med kr. 700.000,-. Kompensasjon til kommunen i denne samanheng kan berre i mindre grad bli vidareført til 2014.»

### 3.2.3 Momskompensasjon

Momskompensasjonsordninga vart innført frå og med 2004. Kommunen får refundert moms på kjøp av varer og tenester. Føremålet med innføring av ordninga var å likestilla eigenproduksjon med privat produksjon av varer og tenester.

Frå 2010 vart ordninga med at kommunane kan nyttja investeringsmoms til drift oppheva. Det er laga overgangsreglar som tilseier inntektsføring av investeringsmoms i driftsrekneskapen for åra 2010-2014. Frå 2014 skal all investeringsmoms som kommunen mottek nyttast til å finansiera investeringar.

I berekninga av momskompensasjon for investeringar er kommunen sitt investeringsnivå i økonomiplanen lagt til grunn. Kommunen etablerte i 2009 Stord kommunale eigedom KF som vil stå for gjennomføring av mesteparten av investeringane. Momskompensasjonen vert budsjettert og overført til investeringsrekneskapen i føretaket. Tabellane under viser momskompensasjon og overføring til investering for den delen som vert bokført i Stord kommune og føretaka sine rekneskap.

| <b>Momskompensasjon og overføring til investering, Stord kommune (basisorganisasjonen)</b> |             |             |             |             |
|--|-------------|-------------|-------------|-------------|
| <b>1000. kr</b>  | <b>2014</b> | <b>2015</b> | <b>2016</b> | <b>2017</b> |
| Momskompensasjon drift   | 10 516      | 10 926      | 10 940      | 11 159      |
| Momskompensasjon investering   | 3 637       | 3 440       | 2 740       | 2 840       |
| Sum momskompensasjon   | 14 153      | 14 366      | 13 680      | 13 999      |
| Avsett til investeringar   | 3 637       | 3 440       | 2 740       | 2 840       |

| <b>Momskompensasjon og overføring til investering, Stord kommunale eigedom KF</b> |             |             |             |             |
|---|-------------|-------------|-------------|-------------|
| <b>1000. kr</b>   | <b>2014</b> | <b>2015</b> | <b>2016</b> | <b>2017</b> |
| Momskompensasjon drift  | 5 500       | 5 500       | 5 500       | 5 500       |
| Momskompensasjon investering  | 10 100      | 12 640      | 41 590      | 33 520      |
| Sum momskompensasjon  | 15 600      | 18 140      | 47 090      | 39 020      |
| Avsett til investeringar  | 10 100      | 12 640      | 41 590      | 33 520      |

| <b>Momskompensasjon og overføring til investering, Stord vatn og avlaup KF (VTP)</b> |             |             |             |             |
|--|-------------|-------------|-------------|-------------|
| <b>1000. kr</b>  | <b>2014</b> | <b>2015</b> | <b>2016</b> | <b>2017</b> |
| Momskompensasjon drift   | 1 621       | 1 621       | 1 621       | 1 621       |
| Momskompensasjon investering   | 800         | 800         | 800         | 800         |
| Sum momskompensasjon   | 2 421       | 2 421       | 2 421       | 2 421       |
| Avsett til investeringar   | 800         | 800         | 800         | 800         |

### **3.2.4 Asylmottak, mottak flyktninger**

Kommunen mottek årleg 1,2 mill. kr i tilskot for at det er asylmottak i kommunen. Denne inntekta skal dekka dei meirutgifter som kommunen har grunna dette.

Kommunen har budsjettet med eit integreringstilskot på 7,9 mill. kr kvart år i økonomiplanperioden. Ved busetting av flyktningar mottek kommunen 616 800 kr for kvar vaksen flyktning som vert busett, kr 666 800 for einsleg vaksen og 596 800 for born. Integreringstilskotet vert utbetalt over 5 år. Kommunestyret har vedteke å ta imot 10 flyktningar kvart år. I tillegg kjem familiesameining.

### **3.2.5 Ressurskrevjande tenestemottakarar**

Ordninga med statstilskot til ressurskrevjande tenestemottakarar vert vidareført i statsbudsjettet. Kommunen får dekka 77,5 % av direkte lønnsutgifter av tenestene som vert ytt til ressurskrevjande brukarar under 67 år som overstig innslagspunktet. For 2013 er innslagspunktet sett til kr 1 010 000 pr brukar. Dette er auka med 4 % til 1 050 400 i forslag til budsjett. Kommunen vil ha 43 brukarar i 2014 som samla vil gje eit tilskot på 43,9 mill. kr. Nivået på tilskotet er vidareført i planperioden.

Pleie- og omsorgstenestene i Stord kommune har eit betydeleg innslag av ressurskrevjande tenestemottakarar. Ordninga med statstilskot til ressurskrevjande tenestemottakarar er følgjeleg ei viktig inntekt for kommunen. Ordninga er stramma inn i regjeringa sitt forslag til Statsbudsjett, med verknad også for 2013, jf. budsjettskriv frå Fylkesmannen:

«Ordninga med øyremerka tilskot for ressurskrevjande tenester er for tenestemottakarar under 67 år. Det har vore ein betydeleg auke i talet på mottakarar og utgifter pr. tenestemottakar. Staten sitt samla tilskot har difor auka mykje over fleire år, til kr. 6,3 mrd. i 2013. Det blir på denne bakgrunn lagt opp til ei innstramming i ordninga m.o.t. lågare kompensasjonsgrad.»

Denne innstramminga utgjer eit årleg inntektstap for kommunen på om lag 1 mill. kr.

### **3.2.6 Rente og avdragskompensasjon**

Kommunen får rentekompensasjon på skuleanlegg, husbanken antar at denne vert på kr 1,6 mill. i 2014. Rente og avdragskompensasjon for omsorgsbustader og institusjonsplassar utgjer 3,2 mill. kr i inntekt. Av dette er 2,3 mill. kr for avdrag og 0,9 mill. kr rente. Rehabilitering av kyrkjebrygg gir rentekompensasjon med kr 0,18 mill. kr i 2014. For skuleanlegg som vart utbygd som del av reform 97 reknar kommunen med å ta imot kr 0,8 mill. i 2014. Samla rente- og avdragskompensasjon er budsjettet med 6,22 mill. kr.

### **3.2.7 Lønsvekst og pensjonskostnad**

Statsbudsjettet legg opp til ein årslønnsvekst på 3,5 %. Denne er fylgt opp i budsjettframlegget, basert på eit overheng frå 2013 på 0,4 % og eit berekna datolønnstillegg per 01.05.2014 på 4,8 % med heilårsverknad 3,10 %. Det er forslag om å setja av kr 21,9 mill. i lønsreserve i 2014. Berekna samla lønsvekst inklusive overheng i 2014 utgjer om lag 23,9 mill. kr.

Kommunen budsjetterer pensjonskostnader i samsvar med kommunaldepartementet sine reglar for pensjonsføring med 10 års avdragstid på premieavviket. Premieavvik opparbeida før 2012 vert amortisert over 15 år. Kommunen har motteke budsjettoppgåve frå KLP og Statens Pensjonskasse. Kommunen har eigenrisiko på AFP-ordninga. Pensjonsleverandørane har berekna premien for 2014 utifrå erfaringstal. Berekna pensjonspremie for sjukepleiarane i KLP-ordninga er budsjettert med brutto 22,8 %, for andre tilsette i KLP-ordninga 22,53 % av pensjonsgrunnlaget. Det er og budsjettert med ein reguleringspremie på kr 36,0 mill. kr. Det inneber at pensjonskostnaden til KLP i 2014 vert 6,2 mill. kr høgare enn i 2013. I tillegg kjem arbeidsgjevaravgift. KLP skriv: «Som følgje av strengare økonomiske føresetnader (lågare forholdstal og lågare forventa avkasting) og inkludering av småstillingar i berekninga, vil netto pensjonskostander for ein gjennomsnittskommune auke med 11 % frå 2013 til 2014.» Sommaren 2013 falt det dom i arbeidsretten angående småstillingar. Desse skal no meldast inn i pensjonsordninga. Som eit førebels anslag på effekten av dette har KLP lagt inn eit påslag på 3 % på lønsmassen for fellesordninga. Dette er med på å auke pensjonskostnaden for kommunen. Dei tilsette dekkjer 2% av pensjonsgrunnlaget.

Statens pensjonskasse (SPK) har varsla om ein premie på 14,25 % inklusiv tilsette sin 2 % del. Dette er ein auke i premien på 0,82 %. Dette gir ein auke i pensjonskostnaden til SPK på 1,2 mill. kr.

Premieavviket for 2014 er på 24,6 mill. kr, i tillegg kjem 3,4 mill. kr i arbeidsgjevaravgift. Dette vert ført til inntekt i budsjettet for 2014 og amortisert (utgiftsført) over 10 år frå og med 2015, saman med premieavvik frå tidlegare år. Høg lønsvekst og låge renter har over tid bidrige til auka pensjonskostnader.

| 1000 kr<br>(inkludert arbeidstakardel 2%) | Sum<br>2013 | KLP<br>2014 | SPK<br>2014 | Sum<br>2014 | Endring<br>i høve til<br>2013 |
|---|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------------------------|
| Premie (pensjonsutgift)                   | 71 746      | 78 310      | 19 805      | 98 115      | 26 368                        |
| Berekna pensjonskostnad                   | 72 361      | 59 160      | 20 710      | 79 870      | 7 509                         |
| Premieavvik                               | 4 097       | -24 689     | 1 323       | 23 457      | 19 360                        |
| Amortisering av tidlegare premieavvik     | 4 712       | 5 539       | -417        | 5 122       | 410                           |

**Utgifta (premien)** er det me vert fakturert frå pensjonsleverandøren og utgjer ein likviditetsmessig belasting.

**Kostnaden** er det som vert bokført i rekneskapen, og påverkar årsresultatet.

**Premieavviket** er ein komponent av desse to elementa, og reduserer utgifta frå 98,0 mill. til 79,8 mill. kr i kostnad.

### 3.3 Eigedomsskatt

Budsjettforslaget vidarefører nivået eigedomsskatt frå 2013 i perioden. På bakgrunn av innkoma i 2013 er det budsetert med slike brutto skatteinntekter i 12014:

| <b>Budsjeterte inntekter eigedomsskatt</b> |                   |
|--|-------------------|
| Bustader og fritidseigedomar 2 %           | 24 381 400        |
| Verk og bruk 4 %                           | 8 402 700         |
| Annan næringseigedom 4 %                   | 7 215 900         |
| <b>Sum</b>                                 | <b>40 000 000</b> |

Det vert gjort framlegg om at skatten skal betalast inn i fire terminar. Det vert lagt opp til å samordna innkrevjinga med kommunen sine øvrige eigdomsavgifter.

Innkrevjing av eigedomsskatt går frå og med 2014 inn i ein driftsfase. Rådmannen har lagt kommunen sitt eigedomsskattekontor til økonomiavdelinga. Det vil bli inngått rammeavtale med takseringsfirma for å gjennomføra løpende taksering av nybygg og endringar. Årskostnad med forvaltning av ordninga med eigedomsskatt er rekna til 0,9 mill. kr.

Budsjettforslaget legg opp til at eigedomar som i 2013 har fått fritak etter eigedomsskattelova § 7 også skal ha fritak i 2014. Dette gjeld følgjande eigedomar:

| Gards- og bruksnr.    | Eigarforhold                       | Føremål/kommentar   |
|-----------------------|------------------------------------|---|
| 28/225                | Lio burettslag                     | Omsorgsbustader   |
| 38/281 og 252, 55/219 | Tunet burettslag                   | Omsorgsbustader   |
| 45/275, 309           | Sæbøhaugen burettslag              | Omsorgsbustader   |
| 44/275                | Opero as                           | Attføringsverksemد  |
| 44/330                | Opero as                           | Attføringsverksemد  |
| 27/633                | Opero as                           | Attføringsverksemد  |
| 46/168                | Podlen verkstad as                 | Tilrettelagd arbeidsplass                                     |
| 27/537                | Stord kommunale eigedomsselskap as | Kommunalt føremålsbygg  |
| 46/135                | Stord kommunale eigedomsselskap as | Kommunalt føremålsbygg  |
| 27/8                  | Eli Gundersen mfl                  | Bygget er leigd ut til Sunnhordland museum (fritak etter §7b) |
| 38/287, seksjonsnr. 4 | Bandadalen burettslag              | Omsorgsbustader   |

Kommunestyret vedtok som del av budsjetvedtaket for 2013, pkt h), at etter nedbetaling av akkumulert underskot skal inntekter frå eigedomsskatt gå til investeringar innanfor helse/omsorg og skule. I budsjettframlegget for 2014 er det sett av kr 13,1 mill til dekning av underskot i dei to kommunale føretaka. Resten av eigedomsskatten er foreslått sett av til disposisjonsfond for bruk til framtidige investeringar.

---

### **3.4 Investeringsplan/konsekvensjustert budsjett 2018-2023**

Rådmannen legg i tillegg til budsjettforslaget 2014-2017 også fram ei skisse til eit ti-års investeringsprogram fram til og med 2023. Programmet tek utgangspunkt i budsjettforslaget og vedtekne sektorplanar, som skulebruksplan og plan for rehabilitering, helse og omsorg.

Føremålet med å utarbeida ein slik prognose er at det skal vera eit hjelpemiddel for handsaming av budsjett og økonomiplan ved at ein i får synleggjort driftskonsekvensane av investeringsprogrammet også for seinare periodar. Ein vil få eit lengre perspektiv på oppfølging av tiltak i sektorplanar m.m. Samstundes gjev det eit oversyn over prosjekt som ligg i sektorplanar m.m.

Programmet syner konsekvensar av tiltaka i form av kapital- og driftskostnader. Det er likevel svært forenkla, og tar med driftskostnader berre for nye sjukeheims plassar med opning i 2018.

Driftskostnader med m.a. korttids-/observasjons plassar og nye bustader ikkje er berekna.

Oppsettet syner likevel at låneopptak og driftskostnader som følgje av investeringsprogrammet i planperioden 2014-17 vil gje monalege utfordringar for driftsbalansen dei påfølgjande år.

## **4. Målstyring**

Kommunen sine overordna målsettingar og delmålsetjingar for perioden 2014-2017 ligg i kommuneplanen for 2010-2021. Kommunen skal i planperioden stimulera til at visjonen om å vera saman om utvikling og velferd vert realisert, ved å følgje opp målsetjingane innanfor desse områda:

- Byutvikling, senterstruktur og samferdsle
- Miljø, estetikk og trivsel
- Arbeid og næringsliv
- Oppvekst
- Rehabilitering, helse og omsorg
- Areal

Kommunen innførte i samband med 2013-budsjettet eit målstyringssystem som tok utgangspunkt i Kommunebarometeret. Barometeret er utarbeida av Kommunal Rapport og tek i tillegg til KOSTRAtal utgangspunkt i data frå Utdanningsdirektoratet, Helsedirektoratet og kommunaldepartementet .

Det er sett opp målekart i tilknyting til kommentarane for dei ulike sektorane. Det er ikkje relevante data for alle tenesteområda i kommunen. Der Kostra er nytta i målekartet er det gjort ei samanlikning med resultata for 2012 både for kommunen, landet og kommunegruppa (altså dei kommunane som er mest like oss i folketal og inntekt).

### **4.1 Overordna målekart for Stord kommune**

Målemetodane som er lagt til grunn i det overordna målekartet er i hovudsak basert på brukar- og medarbeidarundersøkingar som er utarbeidd av [www.bedrekommune.no](http://www.bedrekommune.no). Undersøkingane gjev eit

bilete av kva brukarane meiner om tenestene og om vi må justere målsetnadene våre. Undersøkinga gjev også eit bilet av kva arbeidstakarane meiner om organisasjonen og om det er grunnlag for å justera målsetjingane for vår interne satsingsområde. Måleskalaen hjå bedrekommune.no, er frå 1-6, der 6 er best.

Når det gjeld vurdering av kvalitet på nettsidene våre, er målemetoden som er lagt til grunn i målekartet basert på Direktoratet for forvaltning og IKT si undersøking av kvalitet på nettsidene i offentleg sektor. Resultata og kriteria for undersøkinga er å finne <http://kvalitet.difi.no/resultat/>. Skalaen på resultatet er 1-6, kor 6 er best resultat.

Sidan det kan vera samanheng mellom medarbeidarane sin tilfredsheit og kvalitet på tenestene er det viktig å kartlegge denne systematisk. Eit sentralt mål med kartlegginga er å skape grunnlag for forbetring ved den enkelte organisatoriske eining. For å få til dette må registrering skje på einingsnivå.

| MÅLEKART   |                | 2014             | 2013           | 2012           | 2011           |
|--|----------------|------------------|----------------|----------------|----------------|
|  |                |                  | Snitt<br>Stord | Snitt<br>Stord | Snitt<br>Stord |
| <b>BRUKAR (I skala frå 1-6, er 6 best)</b>   | <b>MÅL</b>     |                  |                |                |                |
| Brukarane er nøgd med samarbeid og brukarmedverknaden  | >4,3           | 4,3              | 3,75           | 3,23           |                |
| Brukarane og brukarrepresentantar opplever å bli møtt med respekt                                      | >5,1           | 5,1              | 4,40           | 4,07           |                |
| Brukarane er nøgd med tilgjenge på tenestene   | >4,8           | 4,8              | 4,05           | 3,90           |                |
| Brukaren er nøgd med tilgangen på informasjon om innhaldet i tenestene                                 | >4,3           | 4,3              | 3,70           | 3,67           |                |
| Brukaren er nøgd med den totale kvaliteten på tenestene  | >4,9           | 4,9              | 3,95           | 3,70           |                |
| Direktorat for forvaltning og IKT er nøgd med den totale kvaliteten på nettstaden i kommunen           | 5              | 5                | 6              | 5              |                |
| <b>MEDARBEIDARAR (I skala frå 1-6, er 6 best)</b>  |                |                  |                |                |                |
| Medarbeidaren er nøgd med arbeidssituasjonen sin   | >4,7           |                  |                | 4,50           |                |
| Medarbeidarane bidreg aktivt til å nå verksemda sine mål   | >4,80          |                  |                | 4,80           |                |
| Medarbeidarane opplever å ha naudsynt kompetanse til å utføre sine arbeidsoppgåver                     | >4,80          |                  |                | 4,80           |                |
| Medarbeidarane løyser felles arbeidsoppgåver på sin arbeidsplass på ein god måte                       | >4,80          |                  |                | 4,80           |                |
| Medarbeidarane opplever at nærmeste leiar gjev deg tilstrekkeleg attendemelding på den jobben han gjer | >4,20          |                  |                | 4,10           |                |
| Medarbeidarane er nøgde med arbeidsgjevar si tilrettelegging for relevant kompetanseutvikling          | >3,75          |                  |                | 3,70           |                |
| Sjukefråvær %  | 7,50           | 8,02 hittil i år | 9,51(1.h år)   | 9,36           |                |
| Økonomi, maksimum avvik i høve vedtekne budsjettrammer   | 0,5 %          |                  | -0,1 %         | -1,2 %         |                |
| <b>Kommunebarometeret, rangering blant landets kommunar</b>  | <b>&gt;272</b> |                  |                |                |                |

## 5. Budsjettområda, drift og investeringar

Samla inntektsramme for driftsbudsjettet for 2014 er 1,177 mrd. kr. I budsjettforslaget er som hovudregel kommentert endringar i høve gjeldande økonomiplan.

Framlegg til investeringsbudsjett for økonomiplanperioden 2014-2017 byggjer på den vedtekne økonomiplanen for 2013-2016 og sektorplanar. Alle investeringssummar med unntak for avgiftsområda er budsjettert med brutto (inkl. meirverdiavgift). Oversikta viser samla investering i kommunen og dei to kommunale føretaka. Oversikt over investering splitta på kommune og føretak finn ein i vedlegg til budsjettdokumentet.

| Framlegg til samla investeringar pr. tenesteområde |                |                |                |                |                |
|--|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| 1000 kr  | 2014           | 2015           | 2016           | 2017           | 2014-17        |
| Administrasjon og fellesfunksjonar                 | 17 809         | 16 160         | 17 160         | 17 160         | 68 289         |
| Bustad/næring/utbygging/grunnkjøp                  | 1 000          | 1 000          | 1 000          | 1 000          | 4 000          |
| Skule og barnehage                                 | 21 500         | 10 700         | 97 150         | 70 900         | 200 250        |
| Helse og sosial                                    | 18 100         | 34 300         | 97 600         | 84 200         | 234 200        |
| Kyrkje   | 2 200          | 8 000          | 2 700          | 5 200          | 18 100         |
| Kultur, idrett                                     | 19 110         | 12 900         | 10 700         | 8 000          | 50 710         |
| Brann, veg og grønt, teknisk                       | 4 900          | 8 900          | 4 900          | 4 900          | 23 600         |
| Stord hamn   | 5 060          | 1 360          | 810            | 610            | 7 840          |
| Vassverk   | 32 300         | 39 540         | 55 200         | 51 000         | 178 040        |
| Avlaup   | 40 700         | 55 260         | 50 660         | 47 600         | 194 220        |
| <b>Samla investering</b>                           | <b>162 679</b> | <b>188 120</b> | <b>337 880</b> | <b>290 570</b> | <b>979 249</b> |

| <b>Samla finansiering, investeringsbudsjett</b>       |                |                |                |                |                |
|---|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| 1000 kr   | <b>2014</b>    | <b>2015</b>    | <b>2016</b>    | <b>2017</b>    | <b>2014-17</b> |
| Overføring fra drift/momskompensasjon                 | 13 738         | 16 081         | 44 331         | 36 361         | 110 510        |
| Statlege overføringer                                 | -              | -              | 2 020          | 2 820          | 4 840          |
| Sal av eigedom/bruk av fond/e-skatt                   | 2000           | 360            | 41 310         | 42 546         | 86 216         |
| <b>Sum eigenfin. /tilskot</b>                         | <b>15 738</b>  | <b>16 441</b>  | <b>87 661</b>  | <b>81 727</b>  | <b>202 846</b> |
| Låneopptak finansiert over drift                      | 70 881         | 75 879         | 143 659        | 109 743        | 405 283        |
| Lån finansiert med inntekter (Stord hamn)             | 3 060          | 1 000          | 700            | 500            | 5 260          |
| <b>Sum lån ikkje sjølvfinansierande investeringar</b> | <b>70 881</b>  | <b>75 879</b>  | <b>143 659</b> | <b>109 743</b> | <b>405 283</b> |
| Låneopptak avgiftsområdet                             | 73 000         | 94 800         | 105 860        | 98 600         | 372 260        |
| <b>Samla finansiering</b>                             | <b>162 679</b> | <b>188 120</b> | <b>337 880</b> | <b>290 570</b> | <b>979 249</b> |

## 5.1 Formannskapet

### 5.1.1 Politisk

Utgifter til politisk arbeid er vidareført på 2013-nivå. Det er sett av kr 100 000 til disposisjon for formannskapet. Det er lagt inn ei løyving til kontrollutvalet på 858 000, mot kr 833 081 i 2013. Dette er ein vekst på 3%. Kontrollutvalet har i sitt budsjettforslag lagt inn ei ramme på kr 1 020 000, sjå vedlegg 7.14.

### 5.1.2 Administrasjon, fellesutgifter

Stord kommune er vertskap for Sunnhordland interkommunale innkjøpsforum. Stord kommune har tilsett felles interkommunal innkjøpssjef og dekkar 20% av lønskostnadane. Ressursen på innkjøp er knapp, men ein har gjennom skjønstilskot frå Fylkesmannen, direkte tilskot frå Difi og refusjonar frå kommunar utanfor innkjøpsarbeidet over fleire år hatt ein større aktivitet/produksjon enn det som hadde vore mulig å få til elles. Som resultat av dette har kommunane bl.a kunna ta i bruk e-handel og elektronisk faktura. For oppfølging av dette prosjektet er det leigd inn særskilt prosjektleiar i 50% stilling.

I samband med budsjettrevisjonen for 1. tertial, Stord kommunale eigedom KF, vart investeringsmidlar til prosjektering av nye institusjonsplassar overført til basisorganisasjonen/rådmannen. Dette er i samsvar med dei drøftingane som har vore kring evaluering av føretaket, der det er semje om at rådmannen skal ha ein meir reindyrka tingarfunksjon overfor føretaket og som hovudregel stå som prosjektansvarleg t.o.m. forprosjekt. Det er lagt til grunn i budsjettet at det i 2014

---

vert tilsett ein prosjektleiar i rådmannen sin stab, finansiert med prosjektmidlar. Tidspunkt for tilsetting vert fastsett ut frå ei konkret vurdering av porteføljen.

I samband med sak om konkurranseutsetting av reinhaldstenester skal sentraladministrasjonen bemannast opp med tingarkompetanse på reinhald. Heilårsvirknaden er i kommunestyresak PS 15/13 rekna til kr 300 000 (50 % årsverk). Ein ser for seg at mogeleg ny leverandør av reinhaldstenester vil vera på plass tidlegast hausten 2014. Ein legg opp til at budsjettet vert revidert etter ei konkret vurdering av ressursbehovet for 2014.

Kommunestyret godkjente i desember 2012 sykkelybyavtale med Statens vegvesen og Hordland fylkeskommune. Desse skal etter avtala medverka med kr 300 000 og kr 200 000, medan Stord kommune skal bidra med prosjektleiing, anslagsvis i 20 % stilling (kr 150 000). Avtalen er fireårig, målet er å gjere det meir attraktivt å velje sykkel som transportmiddel. Det har så langt vore vanskeleg å konkretisera arbeidet i prosjekt. Rådmannen meiner at eit tenleg sykkelvegnett i kommunen meir effektivt kan utviklast gjennom kommunen sitt ordinære plan- og trafikksikringsarbeid, og gjer framlegg om å avslutta samarbeidet. Avtalen er avhengig av årlege budsjettvedtak hjå partane og kan såleis seiast opp einsidig som del av budsjettetthandsaminga.

Utviklingsgruppa er redusert med 50 % stilling (plan- og utviklingskonsulent). I tillegg er Kundetorget redusert med ½ årsverk for å styrka budsjettbalansen.

### 5.1.3 IKT

IKT er eit sentralt verkemiddel både når det gjeld effektivisering og utvikling av kommunale tenester. Eininga samarbeider med andre kommunar om interkommunale løysingar. Deriblant om drift av løn, personal- og økonomisystemet Agresso. Budsjettet for eininga er redusert med kr 400 000 i forhold til revidert budsjett 2013. IKT-eininga har også ansvar for å drifte grunnskulane sine nettverk og maskinvare. Stord kommune leaser 950 datamaskinar til elevane, i tillegg har kvar lærar berbar datamaskin. Prioriterte oppgåver i 2014:

- Vidare innføring av e-handel. Fullelektronisk utgåande faktura skal implementerast og takast i bruk
- Betre utnytte i allereie innkjøpte løysingar med særskilt fokus på dei to hovudsistema: Sak/arkiv-systemet ePhorte, og løn, personal- og økonomisystemet Agresso.
- Innføring av nytt bestillings- og rapporterignssystem (helpdesk) for SKE KF.
- Innføring av nytt biblioteksystem for skulane i samarbeid med Folkebiblioteket.
- Innføre sikkert elektronisk arkiv for Pleie og omsorg og digitalisering av personalarkiv
- Kommunen sitt fagsystem for Pleie og omsorg (Visma Profil) skal koplast opp mot legekontor og helseinstitusjonar gjennom Norsk Helsenett (NHN). Via NHN skal ein effektivt kunne utveksle elektroniske meldingar som t.d. epikriser, journalar, henvendelsar m.m.

### 5.1.4 Folkehelse

Folkehelselova frå 1.1.2012 gjev kommunane eit betydeleg ansvar for fremjing og styrking av folkehelsa i tillegg til delansvar for førebyggjande helsearbeid. Dette skal byggja på ei lokal kartlegging av folkehelseutfordringar i kommunen. Utjamning av sosiale helseeskilnader er

---

grunnleggjande. Utfordringane som kjem fram vil krevja tiltak frå ulike sektorar i kommunen, næringsliv, frivillige organisasjonar, lokalsamfunn, familiar og den enskilde.

Stord var mellom dei første kommunane i Hordaland som etablerte partnarskapsavtale for folkehelse med Fylkeskommunen. Denne gav tilskot til oppretting av stilling for folkehelsekoordinator med ei tverrfagleg styringsgruppe som støtte i arbeidet. Avtalen med Fylkeskommunen vert endra frå 2016. Ei overgangsordning frå 2014, gjev Stord kommune årleg tilskot på kr 150.000, basert på søknad. Partnarskapsavtalen er avslutta med ein rapport som m.a. oppsummerer etablerte tiltak.

Stilling for folkehelsekoordinator (40%) er innarbeidd i budsjettet. Folkehelsearbeidet vil ta utgangspunkt i lokal kartlegging. Det vert organisert gjennom eit breidt Folkehelseforum med open deltaking og eit Folkehelseråd som representerer ulike kommunale einingar. Organiseringa av folkehelsearbeidet er forankra i dei politiske fagomiteane. Folkehelseperspektivet skal vera moment i planlegging og verksemda elles i kommunen. Følgjande tiltak vert prioriterte i økonomiplanperioden 2014-17:

- Utarbeida oversikt over helsetilstanden og faktorar som påverkar denne i Stord kommune
- Utarbeida lokal strategi for kompetanseutvikling innanfor folkehelsearbeidet i kommunen
- Tiltak som kan jamna ut sosiale helseskilnader

Hovudmål for folkehelsearbeidet er, i tråd med Kommuneplanen, å redusere sosial ulikskap i helse. Målsetjinga skal førast vidare som tiltak i kommunedelplanar og andre styringsdokument

### 5.1.5 Overordna planlegging, kommunal planstrategi

Kommunestyret vedtok i desember 2012 Kommunal planstrategi for Stord kommune. Dette er eit nytt verktøy i kommuneplanlegginga som har som føremål å klargjera kva for planoppgåver kommunen bør prioritera for å leggja til rette for ei ønska utvikling. Planstrategien erstattar det obligatoriske kravet til rullering av kommuneplanen som låg i tidlegare plan- og bygningslov.

Det er sett av kr 200 000 til oppfølging av kommunen sin planstrategi. Summen vil bli nyttta til arbeidet med kommunedelplan/områdeanalyse for Sagvåg/Litlabø, som vart starta i 2013. Andre større planarbeid i 2014 vil vera ferdigstilling av overordna risiko- og sårbarbeitsanalyse for kommunen og arbeidet med kommunedelplan for E39 med tilførslevegar for Strekninga Heiane-Vestlivegen.

### 5.1.6 Kyrkja, kyrkjegardar

Det er sett av 1,55 mill kr i 2014 til takvøla i Nysæter kyrkje. Det er lekkasjar i taket på Nysæter, noko som m.a. går ut over det fysiske arbeidsmiljøet i barnehagen som leiger i kyrkja. Skadene må utbetrast så snart som råd. Det er i 2014 og sett av 0,15 mill. til kjølerom for kister i bårehuset bak Stord kyrkje. Kommunen har i dag ikkje slikt anlegg og behovet er aukande, både som følgje av auka tal gravferder og at ny gravferdslov tillet at det går ti virkedagar frå dødsfall til gravferd må finna stad. Fellesrådet vil no kjøpa inn 2 kjøleskåp i staden for å gjera bårerommet om til kjølerom.

---

Det er sett av 1,5 mill kvart av åra 2015-17 til vidare rehabilitering av kyrkjene 0,2 mill. kr til utstyr. Ved Nysæter gravplass er det om lag 70 ledige gravar og behov for utviding. Budsjettframlegget legg opp til prosjektering i 2014 og utbygging i 2015, med ei samla løyving på 6,8 mill kr.

Den nye gravplassen i Frugarden med 500 plassar vert teken i bruk i 2014. Statens vegvesen har sett rekkjefølgjekrav slik at ein berre kan ta i bruk 500 gravar før prosesjonsveg er ferdig opparbeidd. Det er framlegg om til saman 4,5 mill kr til prosesjonsveg til ny gravplass i Frugarden i 2016 og 2017. Det er lagt opp til at byggjesteg 2 for gravplass i Frugarden og opparbeiding av nytt gravfelt på Huglo vert gjennomført etter 2017.

Rammetilskotet til Kyrkjeleg fellesråd er justert for løns- og prisvekst med 3 %. Det er i tillegg teke høgde for at fellesrådet skal forvalta tilskot til etterletne som vel kremasjon. Stord kommunestyre innførte i desember 2008 ei ordning med eit tilskot på kr 5 000 til etterletne som vel kremasjon. Siktemålet var å få auke i bruken av urnegraver.

## 5.2 Driftsstyret

Driftsstyret sitt ansvarsområde er i hovudsak ansvar for kommunen sin overordna personalpolitikk og organisasjons- og administrasjonsspørsmål.

Det vert løyvt kr 566 000 til investering i elektronisk personalarkiv. Dette vil effektivisere personalarbeidet og ein får flytta arkivet til forskriftsmessige lokale.

Fellespotten for kurs og utdanning er i budsjettforslaget ført vidare med kr 244 000. Samla løyving til føremålet ligg på om lag 2,5 mill kr, i underkant av kr 2 700 per årsverk .

Nivået på inntak av lærlingar i 2014 vert ført vidare med 19.

### 5.2.1 Effektivisering/stillingsgruppa

Det er trøng for å redusera utgiftsnivået også ut over det som ligg i budsjettforslaget. Rådmanen har difor lagt inn eit innsparingskrav på 4 mill. kr i effektivisering/stillingsgruppa. Bakgrunnen for dette er først og fremst at ein treng noko meir tid for å arbeida med kostnadsreduksjonar og omstilling. Rådmannen vil i løpet av 1. halvår fremja ei sak med forslag til korleis summen skal dekkast inn.

Innsparingskravet på 4 mill. kr tek oppi seg arbeidet til «Stillingsgruppa». Gruppa er i skrivande stund på god veg til å nå budsjettmålet for 2013. Arbeidet med å løpande vurdera ledige stillingar vert vidareført, men rådmannen legg opp til, i dialog med tillitsvalde, å få til ei forenkling av arbeidet.

### 5.2.2 LOS-utvalet/Prosjekt «Saman om ein betre kommune»

LOS-utvalet låg i 2013-budsjettet inne med eit innsparingskrav på 2,25 mill. kr. Sjølv om ikkje utvalet har nådd kommunestyret sine økonomiske målsettingar legg budsjettframlegget opp til å vidareføra arbeidet. Kommunen står overfor utfordringar som tilseier at utvalet bør halda fram med fokus på utvikling og effektivisering.

---

Det ligg inne kr 200 000 til disposisjon for LOS-utvalet. Det er lagt til grunn at denne løyvinga skal dekka kostnader med vidareføring av prosjektet «Saman om ein betre kommune».

### 5.2.3 Prosjekt arealeffektivisering

Bakgrunnen for saka ligg i formannskapet sitt vedtak i sak PS 11/13:

1. Rådmannen får i oppdrag å utarbeida ein forstudie for bruk og framtidig behov for kommunale føremålsbygg. Målsettinga med forstudiet er å leggja til rette for meir effektiv arealutnytting og å avhenda bygg kommunen ikkje lengre treng til eigne føremål. Det skal tilsvaranande gjerast ei vurdering av kommunen sin arealbruk i leigde bygg.
2. Det er ein føresetnad at LOS-utvalet løyver kr 400 000 til prosjektet. Sak om finansiering vert fremja for LOS-utvalet. Formannskapet legg vidare til grunn dei premissar for vedtaket som går fram av dette notatet.
3. Forstudiet skal ferdigstillast slik at det kan inngå i grunnlaget for arbeidet med budsjett og økonomiplan 2014-17.

Det ligg føre eit forstudie på prosjektet frå Omega AS. Ein er likevel ikkje klar for å fremja sak om ev. vidareføring i samband med budsjettforslaget og vil koma attende med dette i eiga sak til Driftsstyre og kommunestyre. Av budsjettekniske årsaker er denne saka forskottert ved at det er lagt inn kr 400 000 i investeringsrekneskapen til eit forprosjekt.

## 5.3 Komité for oppvekst og utdanning

Barn og ungdom sine oppvekstvilkår er avhengig av langsiktige kommunale prioriteringar og god samordning av tenester og tilbod. For å sikre eit inkluderande oppvekstmiljø er det ein føresetnad med god samordning av tenester og tilbod knytt til barn, unge og deira familiarar. Fokus på vaksenrolla og den vaksne sin kompetanse er særstakt viktig med tanke på barns utvikling og læring.

Kommunen skal fylgja nøye med i dei forhold barn og unge lever under, førebyggja og fremja god fysisk og psykisk helse. Dersom ein skal nå barn som har særlege behov for tenester er det naudsynt med eit breddt tverrfaglig samarbeid. Førstelinjetenesta må vera i stand til å ta ansvar for tidleg identifisering, kartlegging og vurdering av barn og unge sine vanskar og hjelpebehov.

Stord kommune fekk i 2012 midlar til eit prosjekt Betre tidleg innsats (BTI). Ein vil gjennom dette prosjektet sjå på korleis tenestene, saman med skule og barnehage kan løysa oppgåvene på ein meir samordna og heilskapleg måte til beste for brukarane.

Førebyggjande tenester som er organisert i Eining for sosial og førebyggjande tenester, er omtala under kapittel 5.5.

### 5.3.1 Skule, SFO

| GRUNNSKULE MÅLEKART  | MÅL<br>2014 | Resultat |      |      |        |
|--|-------------|----------|------|------|--------|
|  |             | 2013     | 2012 | 2011 | Fylket |
| Gjennomsnittlege grunnskulepoeng   | >40,1       | 40,0     | 39,6 | 38,5 | 40,3   |
| Snitt nasjonale prøvar lesing 5. trinn<br>(I skala frå 1-3, er 3 best)                               | >2,0        | 1,8      | 2,0  | 1,9  | 1,9    |
| Snitt nasjonale prøvar lesing 8. trinn<br>(I skala frå 1-3, er 3 best)                               | >3,1        | 2,9      | 2,9  | 2,9  | 3,0    |
| Snitt nasjonale prøvar lesing 9. trinn<br>(I skala frå 1-3, er 3 best)                               | >3,5        | 3,3      | 3,4  | 3,1  | 3,4    |
| Læringsmiljø: Meistring 7. trinn<br>(I skala frå 1-5, er 5 best)                                     | >3,9        | 3,9      | 3,9  | 3,8  | 3,9    |
| Læringsmiljø: Meistring 10. trinn<br>(I skala frå 1-5, er 5 best)                                    | >3,8        | 3,8      | 3,8  | 3,7  | 3,8    |
| Læringsmiljø: Fagleg rettleiing 7. trinn<br>(I skala frå 1-5, er 5 best)                             | >3,4        | 3,3      | 3,3  | 3,5  | 3,4    |
| Læringsmiljø: Fagleg rettleiing 10. trinn<br>(I skala frå 1-5, 5 best)                               | >3,1        | 2,8      | 2,8  | 3,1  | 3,1    |
| Læringsmiljø: Mobbing 7. trinn<br>(Her tyder låg verdi på lite mobbing.)                             | <1,4        | 1,4      | 1,4  | 1,3  | 1,4    |
| Læringsmiljø: Mobbing 10. trinn<br>(Her tyder låg verdi på lite mobbing.)                            | <1,4        | 1,4      | 1,4  | 1,3  | 1,4    |
| Læringsmiljø: Sosial trivsel 7. trinn<br>(I skala frå 1-5, er 5 best)                                | >4,4        | 4,3      | 4,3  | 4,4  | 4,4    |
| Læringsmiljø: Sosial trivsel 10. trinn<br>(I skala frå 1-5, er 5 best)                               | >4,3        | 4,2      | 4,2  | 4,3  | 4,2    |
| Læringsmiljø: Fysisk læringsmiljø 7. trinn<br>(I skala frå 1-5, er 5 best)                           | >3,2        | 2,9      | 2,9  | 3,1  | 3,2    |
| Læringsmiljø: Fysisk læringsmiljø 10. trinn<br>(I skala frå 1-5, er 5 best)                          | >2,7        | 2,4      | 2,4  | 2,7  | 2,6    |
| Elevar som er registrert i vidaregåande opplæring same<br>året som avslutta ungdomsskule (i prosent) | >97,8       | 97,4     | x    | 97,2 | 98,4   |

Gjennomsnittlege grunnskulepoeng syner framgang frå 2012, og er nå nær gjennomsnittet for landet. Nasjonale prøvar for 5. steget syner ein tilbakegong i forhold til tidlegare år og ligg saman med engelsk og rekning under gjennomsnittet for fylket og landet. Resultata for lesing på 8.trinn viser same resultat som åra før. I rekning og engelsk er det framgang i forhold til året før, men alle dei tre grunnleggjande dugleikane er under gjennomsnittet for fylket og landet. Lesing på 9.steg har hatt tilbakegong, og både lesing og rekning har resultat under gjennomsnittet for fylket og landet.

Elevundersøkinga viser for meistring og mobbing same resultat som gjennomsnittet for landet medan sosial trivsel, fysisk læringsmiljø og fagleg rettleiing er som i fjor. Det er eit særskilt viktig mål for 2014 at ein kan vise framgang også i høve til desse områda samstundes som det er god grunn til å arbeida vidare for å auka læringsutbytet innanfor dei grunnleggjande dugleikane.

For å oppnå lokale målsettingar og sentrale føringer ynskjer ein å ha tre felles satsingsområde for skulane i kommunen. Skular som ønskjer det kan i tillegg velja eit eige satsingsområde.

Fleire av skulane i Stord har delteke i satsinga Vurdering for læring (VFL) i regi av Utdanningsdirektoratet. Frå hausten 2013 legg ein opp til at dei som fram til no ikkje har vore med, deltek. VFL har som mål å vidareutvikla vurderingspraksisen til læraren og instruktøren gjennom auka kompetanse og forståing for vurdering som reiskap for læring. Lærande nettverk på kvar skule og erfaringsutveksling på tvers av skulane vært lagt særleg vekt på.

Alle tre ungdomskulane i Stord kommune er frå i haust med i Ungdomsskulesatsinga, leia av Utdanningsdirektoratet. I satsinga på ungdomstrinnet skal kompetanseutviklinga i stor grad gå føre seg på skulen. Det har vore inntrykket at ei meir praksisnær kompetanseutvikling har blitt godt motteke av lærarane. Vidare vil det vera naturleg at barneskulane byggjer opp under det arbeidet som skal gjerast gjennom satsinga på ungdomstrinnet.

Prosjektet ”Lovfesta tiltak for barn og unge med minoritetsspråkleg bakgrunn i barnehage og skule” skal kvalitetssikra tiltak til barn og unge med minoritetsspråkleg bakgrunn i samsvar med rettane deira i barnehage og skule. Her er ein no inne i hovudprosjektet og innføringsklassar ved Stord ungdomsskule og Langeland skule vært utprøvd.

## Nærskuleprinsippet

I Stord kommune har ein langt på veg praktiserert «fritt skuleval». Kommunen har inga lokal forskrift/retningsline som definerer skulekrinsar. Lovforankring om nærskule og skulebyte er å finna i opplæringslova § 8-1, og her går det fram at elevar i grunnskulen (1.-10. klasse) har rett til å gå på den nærmaste skulen, eller den skulen i nærmiljøet eleven soknar til. Føresette kan søkja om skulebyte til ein annan skule enn nærskulen. Det skal gjerast enkeltvedtak i forhold til søkerne om skulebyte med ei individuell vurdering av grunngjevinga for søkeren. Vedtak om skulebyte utløyser klagerett for søker.

I Ot.prp. nr. 46 (1997-98) s. 178 uttalar departementet: «*Vurderinga av kva for skole som er næmst, skal ta utgangspunkt i geografiske forhold, men skal også ta omsyn til andre relevante forhold, til dømes om sysken er plasserte på den same skolen, kapasiteten på skolane og om skolevegen er farleg.*»

Fylkeskommunen er ikkje økonomisk ansvarleg for skyss til anna enn nærskulen, jf. Udir-3-09 pkt 7. Utdanningsdirektoratet (29.5.2012): «*Det er dermed mest naturlig at kommunen treffer vedtak om skyss, ettersom det også er kommunen som treffer vedtak om skolebytte og er ansvarlig for at eleven får oppfylt retten til skyss (dersom det ikke stilles et lovlige vilkår om det motsatte).*»

At ein langt på veg praktiserer fritt skuleval gir utfordringar m.o.t. gruppestørleik. Når klassane/gruppene ved nokre skular blir større enn det som er pedagogisk forsvarleg som følgje av skulebyte, blir det utløyst trøng for ressursar til ekstra klasse på trinnet. Kostnad med klassedeling er om lag 0,8 mill./heilårsverknad på barnesteget.

Opplæringslova § 8-1 gir reglar om fordeling av elevar på dei ulike skulane, og når dei samla økonomiske ressursane er sett såpass under press som dei for tida er, finn rådmannen grunn til å handsama alle søkerne om skulebytte stramt etter regelverket. Det vil ikkje vera rett å gjera endringar for dei som alt er elevar i skulen, men for dei som startar i opplæring frå august-2014, må ei handsaming av skulebyte forankrast i § 8-1. I praksis vil dette bety at føresette får tilbod om skuleplass

for eleven på nærskulen. Dei vil likevel ha høve til å søkja om skulebyte og vil få denne handsama etter gjeldande lovverk.

Nokre kommunar praktiserer «fritt skuleval», for eksempel Bergen, men også her gjeld det at dei elevane som bur nærmest ut frå geografisk avstand, først skal sikrast plass på nærskulen. Om det så er ledige plasser igjen, kan elevar som har andre skular som nærskule, få plass. Kommunen avgjer (jf andre ledd i § 8-1) om ein elev kan bli teken inn på det som ikkje er nærskule. For å ha ein praksis som er i samsvar med lovverket, må alle saker om skulebyte handsamast på denne måten.

Budsjettforslaget legg opp til ei strammare handtering av nærskuleprinsippet frå hausten 2014. Det er lagt til grunn at det vil gje ein reduksjon på to klassar i forhold til nåverande praksis, med ei innsparing på 670 000 kr.

### **Elevressurs**

Budsjettforslaget legg til grunn eit delingstal på 28 på barnetrinnet og 30 på ungdomstrinnet. Elevressursen er på kr 6020,- pr.elev, som er ei vidareføring av nivået frå 2013. Elevressursen er ikkje justert for lønsauke og vil såleis for 2014 gi færre undervisnings timar. Elevressursen skal gå til styrking av opplæringa i form av f.eks. lesekurs og andre intensive fagkurs, tiltak innan spesialundervisning i mindre omfang og vikarbruk.

### **Nytt valfag i ungdomsskulen**

Det er innført 1 ½ time valfag (to «skuletimar») i veka pr. årstrinn i ungdomsskulen. Det er innført for 8.trinn (frå hausten 2012) og 9.trinn (frå hausten 2013) og blir utvida til 10. trinn frå hausten 2014. Det er lagt inn auka kompensasjon for valfaget i tildelinga til ungdomsskulane.

### **Symjeopplæring**

Ressursar til symjeopplæring for skulane i Stord er ei ei vidareføring av nivået i 2013-budsjettet. Administrasjonen vurderer ulike løysingar for tildeling av ressursar som skal sikra eit meir likeverdig tilbod i symjeopplæring for alle skulane.

### **Spesialundervisning**

Omfanget av spesialundervisning er i forslag til budsjett lagt inn med utgifter knytt til alle kjende vedtak pr. 30.9.2013. Det ligg ikkje inne reservar til mogelege nye vedtak.

### **Rettleiing av nyutdanna lærarar**

Som resultat av St.meld. nr. 11 (2008 – 2009) er ordninga med rettleiing av nyutdanna lærarar i ferd med å bli ei ordinær ordning i norske kommunar. Intensjonen er nedfelt i ein avtale mellom Kunnskapsdepartementet (KD) og KS. Rettleiing av nyttilsette er eit arbeidsgjevaransvar og er viktig for rekruttering til yrket. Stord kommune må få på plass ei ordning som i større grad sikrar oppfølging for denne gruppa. Budsjettet inneholder ikkje løyingar til individuell rettleiing, men vil søkja og finna løysingar gjennom eit system for oppfølging av denne gruppa.

### **Andre tilhøve**

Det er sett av ressursar til MOT i budsjettet. Det er ikkje sett av midlar til oppfølging av prosjektet «Ungt entreprenørskap» i regi av Atheno AS. For SFO er det lagt inn auke på 3% i foreldrebetalinga.

### **Investeringar**

Det er lagt opp til planlegging av Stord ungdomsskule ungdomsskule i 2015, med byggjestart 2016. Langeland skule 3. byggjesteg er i rådmannen sitt framlegg lagt inn med 13,5 mill og Hystad skule ventilasjon og lærararbeidsplassar 8,0 mill, begge i 2014. I investeringsprogram er det lagt inn 1,0 mill til fordeling, utstyr på skulane per år (?).

### 5.3.2 Barnehagar

| BARNEHAGE MÅLEKART  | Mål   | Resultat 2012 |       |        |        |
|---|-------|---------------|-------|--------|--------|
|   |       | 2014          | Stord | Grp. 8 | Landet |
| Andel styrarar og pedagogiske leiarar med godkjent førskulelærarutdanning ( % ) | >96,1 | 96,1          | 87,3  | 87,1   |        |
| Andel assistenter med relevant utdanning (%)                                    | >30   | 27,7          | 27,8  | 28,5   |        |
| Leike- og oppholdsareal per barn i komm.bhg (kvadratmeter)                      | 4,8   | 4,7           | 5,6   | 5,6    |        |
| Del tilsette som er menn ( % )  | >3,8  | 3,1           | 7,0   | 7,5    |        |
| Del minoritetsspråklige born i barnehage av innvandrerborn 1-5 år               | >67   | 69,7          | 72,6  | 71,3   |        |
| Tal førskulebarn som får spesialpedagogisk hjelp etter opplæringslova §5-7      | <20   | 21            |       |        |        |

Tilsette i barnehagane på Stord har god kompetanse, noko ein vil ha som mål å vidareutvikla i 2014. Dette då ein veit at fokus på vaksenrolla og den vaksne sin kompetanse er særstakt viktig med tanke på barns utvikling og læring.

Lovfesta rett til barnehageplass vart innført i 2009 og medfører at barn som fyller eitt år seinast innan utgangen av august det året det vert søkt om barnehageplass har rett til slik plass. Barn har rett til plass i barnehage i den kommunen dei er busett. Stord kommune gjev i dag tilbod om barnehage til alle barn med slik rett. Den 1.9.2013 hadde 1 136 barn plass i barnehage i Stord. Etter lovfesta rett til barnehage ser ein at stadig fleire barn går i barnehage og stadig fleire har full plass. I 2012 hadde over 90% av barn under skulepliktig alder i kommunen, barnehageplass.

Dei to siste åra har hovudopptaket i barnehagane vore krevjande fordi det har vore fleire søkerar med rett til plass enn tal på ledige plassar. I perioden 1.9.2012-1.9.2013 er det fødd 241 barn i kommunen. Desse har rett på barnehageplass hausten 2014 dersom det vert søkt om plass innan fristen for hovudopptaket. I framlegg til budsjett har rådmannen lagt inn ressursar til kjøp av 10 nye plassar i private barnehagar. Dette for å kunna tilby alle med rett til barnehageplass slik plass. Maksimalpris foreldrebetaling har auka til kr. 2.360.

I samband med utarbeidning av skulebruksplanen, laga Norconsult ei framskriving av tal førskulebarn i Stord kommune. Framskrivinga syner for perioden 2013-2021 ei auke i tal førskulebarn på om lag 140 barn. Rådmannen har i budsjett for 2014 lagt inn ressursar til arbeidet med ein kommunedelplan for barnehageområdet. Planen vil truleg vera ferdig sommaren 2014. Samstundes som det vert arbeidd med ein slik plan vert det naudsynt å leggja til rette for ei auka tal barnehageplasser frå hausten 2015.

I rådmannen sitt framlegg til budsjett 2014 legg ein opp til ein reduksjon i ressurs til assisterande styrar i dei kommunale barnehagane. Barnehagane har assisterande styrarar med administrasjonstid. Dette medfører ein innsparing på kr 0,6 mill i dei kommunale barnehagane, noko som reduserer overføringane til private barnehagar med kr 1,033 mill.

Det spesialpedagogiske tilbodet til barn under opplæringspliktig alder vert i dag gjeve av spesialpedagogar tilsett i både private og kommunale barnehagar. Kommunen har ansvar for at barn med vedtak om spesialpedagogisk hjelp får den hjelpa dei har krav på. Det har dei siste åra til dels vore

vanskeleg å få tak i kvalifisert personale. Ein tek sikte på å i løpet av 2014 omorganisera tilbodet for å betra tenesta.

Kommunen skal yte tilskot til ordinær drift av alle godkjente ikkje-kommunale barnehagar i kommunen. I Statsbudsjettet legg ein opp til ein auke av minimumstilskotet frå 92 pst. til 96 pst frå hausten 2013. Denne satsen er vidareført i 2014. Kommunen får tilskot til barnehagedrift overført gjennom rammetilskot frå Staten. Overføring av førebels tilskot til private barnehagar vert rekna ut etter budsjetterte kostnader pr. barn i kommunale barnehagar. Endeleg tilskot vert rekna ut når rekneskapen til kommunal barnehagedrift er oppgjort ved årsslutt. Førebels satsar for 2014 er rekna ut til:

|            |               |
|------------|---------------|
| Små born   | kr. 178.280,- |
| Store born | kr. 86.902,-  |
| Kapital:   | Nasjonal sats |

Kommunen har i budsjettet for 2014 lagt inn netto kr. 110,4 mill i tilskot til private barnehagar. I investeringsbudsjettet til utstyr er det teke med 0,5 mill kr per år i økonomiplanperioden til fordeling på dei kommunale barnehagane.

### 5.3.3 Kulturskulen

| KULTURSKULEN MÅLEKART  | Resultat 2012 |       |        |        |
|--|---------------|-------|--------|--------|
|  | 2014          | Stord | Grp. 8 | Landet |
| Del på venteliste til musikk- og kulturskule   | <4,2          | 12,4  |        |        |
| Del brukarar i grunnskulealder i kommunens musikk- og kulturskule, av tal born i alderen 6-15 år | >21,0         | 21,0  | 15,1   | 15,0   |

Stord kulturskule har som visjon å vera eit synleg og aktivt kunstfagleg ressursenter for Stord kommune, og ein føregangsskule for kunstfagleg arbeid og utvikling i Sunnhordland. Ein tilbyr i dag kunst og kultur til stadig fleire, både til deltakrar og publikum. Pr. 01.10.13 hadde ein 900 elevplassar og 26 tilsette (15,5 årsverk). På same tida i 2012 hadde kulturskulen 918 elevplassar. Mål i 2014 er å ha eit allsidig tilbod som fleire kan vera ein del av. Det er framleis ventelister, målet vert å redusera ventelistene vidare. Ein har auka betalingssatsen pr. plass med 5%, satsar for dirigenttenester med 8% og satsar for musikartenester med 5%. I tillegg blir søskenmoderasjonsordninga føreslått strama inn.

Kulturskulen har i dag eit svært godt danselokale i det gamle meieriet i Leirvik sentrum. Leigeavtales kan seiast opp med 6 mnd oppseiing og vil truleg bli sagt opp innan 1,5 år. Det vert arbeidd med alternative lokale.

Kulturskulen har i 2012 fått tilskot til bygging av musikkbingar. Drift av ”bingane” er lagt inn i budsjett for 2014.

Det er innført ein veketime frivillig og gratis kulturskuletilbod i skule- eller SFO-tida på barnetrinnet (1.- 4. trinn). I budsjettet for kulturskulen er det lagt inn midlar til tiltaket i 2014. Det ligg inne 100 000 kr. til utstyr på kulturskulen kvart år.

### 5.3.4 Barnevern

| BARNEVERN MÅLEKART                               | Mål<br>2014 | Resultat 2012 |        |        |
|--|-------------|---------------|--------|--------|
|  |             | Stord         | Grp. 8 | Landet |
| Del undersøkingar m handsamingstid over 3 mnd    | >30         | 34,4          |        | 22,4   |
| Del born med utarbeida plan                      | >80         | 77            |        | 82     |
| Del born med utarbeida plan, snitt siste fire år | >66         | 66            | 70     | 73     |
| Stillingar med fagutdanning, per barn 0-17 år    | <2,4        | 2,4           | 3,2    | 3,6    |

Det er eit mål for barneverntenesta å stadig verta betre sakshandsamingstid og utarbeiding av planar. Dette samstundes som nøkkeltal dei siste åra viser auke i meldingar, undersøkingar og tiltak.

Barnevernstenesta er med i prosjektet BTI og ynskjer å ha fokus på meir heilskaplege og samordna tenester/ tilbod for barn og unge.

Kapasiteten på barnevernstenesta er auka i 2013 ved at Sunnhordland Interkommunale barnevernstenesta (SIB) dei siste åra har fått fire nye stillingar finansiert med øyremerka statsmidlar. I framlegg til statsbudsjett 2014 blir det lagt opp til ei vidare styrking av barnevernet. I Statsbudsjettet er det og framlegg om auka kommunal eigenfinansiering for plassering av barn i statlege barneversinstitusjonar. Budsjettframlegget har ikkje lagt inn ekstra ressursar til ein slik auke. Endring i barneverslova inneber eit sterkare kommunalt forankra tilsyn med fosterheimar.

Budsjettforslaget er stramt og vidarefører rammene frå 2013-budsjettet. Tenesta må legga vekt på å redusera kostnader og omfanget på tiltaka. Rett tilbod til rett tid og på rett stad er sentralt.

SIB har framleis ikkje barnevernbakvakt utanom vanleg kontortid. Rådmannen har i sitt budsjettforslag for 2014 ikkje funne rom for barnevernbakvakt, slik at denne ev. må finansierast innanfor ramma til barnevernet.

## 5.4 Komité for næring, miljø og kultur

### 5.4.1 Kultur og idrett

Sunnhordland museum søker i brev av 18.9.2013 om støtte på kr 520 000 for 2014 knytt til generell drift av museet. I tillegg ber museet om kr 350 000 øyremerka til husleige av Stord maritime museum. Tilskotet til Sunnhordland museum er i budsjettet foreslått vidareført på same nominelle nivå som i 2013, med kr 610 000.

Kulturbudsjettet vert vidareført med noko reduserte rammer. Eininga har fleire faste tilskot på budsjettet. I tillegg til Sunnhordland museum er frivilligsentralen (kr 208.000) og friluftsrådet (kr 240.000) dei største. Frivilligsentralen har eit stramt budsjett og har søkt om auka tilskot. Ein har ikkje funne rom for dette.

Våren 2011 tok det treårige prosjektet Aktiv fritid til. Aktiv fritid er eit prosjekt som arbeider for inkludering og sosial deltaking etter ein metode kalla Fritid med bistand. Metoden går ut på å hjelpe menneske med ulike bistandsbehov (rus og psykiske helse) inn i fritidsaktivitetar. Tilskotet til dette arbeidet har vore øyremerket med kr 0,550 mill, men er no innlemma i rammetilskotet. Med dei stramme rammene kommunen har, finn ikkje rådmannen å kunne vidareføre prosjektet og tek sikte på å avslutte det ved årsskiftet.

Utgiftene til drift av Kulturhuset kan synast store, men av desse er omlag kr 11,1 mill husleige, reinhaldsutgifter og straum (Kulturtenestene budsjetterer og desse utgiftene for Kulturskulen og Biblioteket). Tilsvarande ligg det inne om lag kr 1,1 mill i utgifter Hagerupshuset og Turnhallen. Grunnskulane betalar ikkje for å bruke symjehallen.

Det er sett av kr. 16,8 mill i økonomiplanperioden til naudsynt vedlikehald/ombygging av Kulturhuset. Blant tiltaka er utskifting av lysarmatur, ventilasjon, fuktskadde dørar, aggregat m.m. i samsvar med plan for oppgradering av bygget. Investeringane vil medføre betydelege innsparinger på straum.

Stord kommunale kino er budsjettert til å gå i null. Kinoen betalar husleige til Kulturhuset. Det er store endringar i kinomarknaden og mange av dei største kinoane i landet er i dag heilt eller delvis privatiserte. Eit utval greier no ut ulike modellar for bransjeorganisasjonen Film&Kino, ein organisasjon for særleg små og mellomstore kinoar.

Ei nasjonal målsetjing for friluftslivet er at folk skal kunna gå frå der dei bur og koma seg ut i hovudstinet. Park/friluftsareal ligg i perioden inne med kr 1,6 mill. Dette er midlar tenkt til nye turstiar og oppgradering av gamle. Ein ser for seg vidareføring av prosjekt som i Landåsen, Eventyrskogen og Skjepåsen. Nokre av parkarealet våre treng oppgradering.

Det er sett av 2 millionar kroner til Motocrossbana i Hustrudalen i 2014 i samsvar med kommunestyrevedtak. Ballplassar/nærmiljøanlegg er lagt inn med kr 2 mill i perioden. Midlane er tiltenkt ballbinger, skateramper, klatreanlegg, aktivitetsløyper, sandvolleyballbanar og andre anlegg i nærmiljøa eller knytt til skule og barnehagar. Fleire av nærmiljøanlegga treng rehabilitering.

Hystadbana treng skifta dekket og betra dreneringa. Det er sett av kr 3 mill i 2017. Vikahaugane idrettspark har stort etterslep på vedlikehald. Eldste delen er frå 1964, medan nyehallen er frå 1995. Mykje bruk og stor slitasje gjer at det trengst store oppgraderingar. Det er samla sett av kr 18 mill i perioden.

#### 5.4.2 Bibliotek

| BIBLIOTEK   | Mål | Resultat 2012 |       |        |        |
|---|-----|---------------|-------|--------|--------|
|   |     | 2014          | Stord | Grp. 8 | Landet |
| Utlån alle medium frå folkebibliotek per innbyggjar | 3   | 2,7           | 4,5   | 5      |        |
| Besök i folkebibliotek per innbyggjar               | 3   | 1,7           | 4,4   | 4,3    |        |

Folkebiblioteket vil i 2014 vidareføre samarbeid med skular og barnehagar. Det vil bli lagt vekt på arrangement i biblioteket med litteraturformidling til barn og vaksne. Biblioteket som møteplass er

mellom innsatsområda i ny føremålsparagraf for folkebiblioteka. Samarbeidet med dei andre Sunnhordlandsbiblioteka vil og bli gjennomført, mellom anna når det gjeld felles nettside. Stord folkebibliotek har relativt låg medialøyving. Rådmannen finn likevel ikkje å auke denne i 2014, men vidarefører 2013 nivå med om lag kr. 110 000. Både godt utval av media og opningstider er viktig for bibliotekbruken. Ein legg opp til kjøp av meir utstyr til sjølvbetent utlån og elles fornying av utstyr med kr. 440 000 i 2014 og kr. 100 000 vidare i økonomiplanperioden. E-bøker er eit nytt medium for folkebiblioteket. Folkebiblioteka vil her delta i eit prosjekt om dette organisert av Hordaland fylkesbibliotek.

#### 5.4.3 Brann, redning og feiring

Budsjettet er vidareført på om lag same driftsnivå som i 2013 med eit forventa moderat tal brannar og ulukker. Det er fortsatt ein usikkerhetsfaktor at ein er avhengig av inntekter frå utelege av personell. Kommunen sin kostnad med 110 - sentral vil neste år auke til kr. 60,- pr innbyggjar (auke på kr.22,-). Det ligg inne kr 0,5 mill kvart år til fornying og vedlikehald av utstyr i planperioden. Rådmannen har ikkje funne rom for å legge inn midlar til ny brann- og redningsbil før i 2015. Feieavgifta er auka med 5%.

#### 5.4.4 Beredskap

Kommunane må vera i stand til å halda oppe viktige samfunnsfunksjonar og ta vare på folk sine liv og grunnleggjande behov under ulike former for påkjenning. Kommunen er pålagd generell beredskapsplikt med krav om heilskapleg og samordna planlegging av denne. Stord kommune skal halda fram arbeidet med førebygging av kriser og svikt i viktige funksjonar, beredskap i einingane og effektiv handsaming av kriser. Det er gjort tenesteavtale mellom kommunane og Helseføretaket om samarbeid kring beredskapsplanar, planar for den akuttmedisinske kjeda og oppfølging av desse. Det er lagt inn kr 0,4 mill fra 2014 og kvart år vidare i perioden til landsomfattande etablering av nytt naudnett. Dei kommunale kostnadene til dette er enno ikkje avklara. Revisjon av den overordna Risiko og sårbarhetsanalysen (ROS) for Stord kommune er i full gong og skal avsluttast tidleg i 2014. Beredskapsfondet som i si tid vart oppretta med tanke på å kunne ta høgd for variasjonar i alt frå ulukker og brannar til brøyting/strøiing ol. er ikkje vidareført.

#### 5.4.5 Landbruk, miljø og næring

Stord-Fitjar landbruk- og miljøkontor er vidareført på same nivå som i 2013. Det er ikkje lagt inn auke i gebyr og betalingssatsar. Det er føreslege tilskot/driftsstøtte til kultur- og næringsarbeid m.m. i 2014 slik:

- Hordaland olje og gass, driftstilskot, kr 50 000
- Haukelivegen AS, driftstilskot, kr 37 500
- Samarbeidsrådet for Sunnhordland, kr 404 600
- Samarbeidsrådet, reiselivssatsinga kr 218 000
- Sunnhordland museum, kr 610 000
- Frivilligsentralen, kr 208 000
- Friluftsrådet, kr 240 000
- Stord idrettspark AS, kr 800 000

- 
- Medlemskontingent Stord næringsråd kr 26 700
  - Aetheno AS, Maritim industriinkubator kr 150 000
  - Business Region Bergen kr 0

Komit  for n ring, milj  og kultur f r fullmakt til   disponera l yving p  kr 500 000 til kultur- og n ringsf rem l. Det vert lagt til grunn at deler av l yvinga vert nytta til   kj pa f rstelineteneste for n ringsetablerarar. Etter at SNU AS har ikkje kommunen lengre slike tenester. Aetheno AS kan vera ein aktuell samarbeidspartner for dette, men det skal vera konkurranse om eit slikt oppdrag.

R dmannen vil fremja ei sak om mogeleg kj p av f rstelinetenster for Komit  for n ring, milj  og kultur.

Opplegget med turistinformasjonsteneste i R dhuset og i Kulturhuset vil bli vidaref rt. I tillegg vil samarabeidet med Grand hotel som vart innleia i 2013, bli vidaref rt. Reiselivssatsinga i regi av Samarabeidsr det for Sunnhordland vert vidaref rt med til tilskot tilsvارande kr 12 per innbyggjar.

Huglo bygdelag har s kt om kommunal deltaking i prosjektet "Utleigebustad i Samsonshagen", som g r ut p    byggja ein bustad i samarbeid med bygdalaget for   ha eit tilbod til nye bebuarar. Det er ikkje lagt inn l yving til dette i budsjettet, r dmannen legg opp til at komit  og kommunestyre tek stilling til dette i ei eiga sak.

#### 5.4.6 Sunnhordland lufthamn AS

Stord kommune l yvde i 2013 eit eigenkapitaltilskot til Sunnhordland lufthamn AS (kommunestylesak PS 24/12). I saka heitte det m.a.:

"Lufthamna signaliserer at dei vil ha  rleg behov for tilf rsel av kapital i storleik 0-3 mill kr, avhengig av trafikken over Sunnhordland lufthamn. Det betyr at Sunnhordland lufthamn AS langt p  veg kan verta ein fast post p  kommunen sitt driftsbudsjet. R dmannen legg ikkje opp til   ta stilling til vidare driftsst tte i denne saka, men meiner det er ei sp rsm l ein b r ta opp ved rullering av budsjett og  konomiplan. Det vil vera naturleg at kommunen set av ein sum  rleg p  budsjettet om ein g r inn for vidare st tte p  dei vilk ra som no ligg f re."

I e-post 11. september 2013 skriv lufthamna til Stord kommune:

«Basert p  dagens  konomiske situasjon i Sunnhordland Lufthavn AS ynskjer vi herved   meld  fr  omm at lufthamnselskapet ikkje har behov for  konomisk bidrag fr  eigarane til drift av lufthamna i 2014.»

## 5.4.7 Regulering, byggjesak, oppmåling

| REGULERING BYGGESAK OG OPPMÅLING                                 | Mål<br>2013 | Resultat 2012 |        |        |
|--|-------------|---------------|--------|--------|
|  |             | Stord         | Grp. 8 | Landet |
| Sakshandsamingstid, reguleringsplanar (dagar)                    | 240         | 261           | -      | -      |
| Sakshandsamingstid, oppmålingsforretning (dagar)                 | 70          | 86            | 66     | 66     |
| Del søknad om tiltak der kom. har brote pålagt sakshands. tid(%) | 0           | 10            | 4      | 4      |
| Handsamingstid, eit-trinns søknader (dagar)                      | 35          | 45            | 39     | 38     |
| Handsamingstid, rammesøknader (dagar)                            | 35          |               |        |        |
| Handsamingstid, enkle tiltak (dagar)                             | 15          | 20            | 18     | 19     |

Sakshandsamingstid er gjennomsnittstid for alle handsama saker målt i dagar. Del søknader med overskriden frist er del i prosent av alle saker med lovpålagd sakshandsamingstid. Det er eit klart mål at alle saker skal handsamast innanfor lovpålagd handsamingstid og at måltalet her skal vera 0. Gjennomsnittleg handsamingstid for alle typar byggesaker med lovpålagt 12 vekers handsamingstid er sett til 35 dagar/ 5 veker. Gjennomsnittleg handsamingstid for oppmålingsforretning vert sett til 60 dagar/ 2 mnd som er godt innanfor fristen på 120 dagar/ 4 mnd. Den gjennomsnittlege sakshandsamingstida for alle typar saker vil vera eit resultat av talet på saker, type saker, kvaliteten på søknadane og sakshandsamingskapasiteten. RBO vil i 2014 ha tilnærma full bemanning. Men det er framleis mange søknader med feil og manglar som dreg den gjennomsnittlege handsamingstida opp.

Det er lagt til grunn at gebyrinntektene og sal av kart og eigedomsopplysninga skal finansiera dei løns- og driftsutgiftene som kan finansierast med sjølvkost. For 2014 er gebrysatsane auka med deflator for kommunesektoren. Men det er alltid ein usikkerheit knytt til gebyrinntektene då dei er avhengige av byggeaktiviteten, talet på saker og type saker. Det er lagt til grunn høg byggeaktivitet også i 2014, slik det har vore dei siste to åra.

## 5.5 Komité for rehabilitering, helse og omsorg

| OMSORGSTENESTER  | Mål   | Resultat 2012 |       |       |        |
|--|-------|---------------|-------|-------|--------|
|  |       | 2014          | Stord | Grp.8 | Landet |
| Del årsverk m fagutdanning   | >75   | 75            | 76    | 74    |        |
| Del årsverk m fagutdanning frå høgskule/ universitet                     | >41   | 41            | 34    | 33    |        |
| Del på korttidsopphald, i % av bef. over 90 år                           | 13    | 13            | -     | -     |        |
| Del plassar (heildøgns-bemanna) % av bef. over 90 år                     | 63    | 63            | -     | -     |        |
| Snitt tildelte timer i heimen, heimesjukepleie                           | >7    | 6,8           | 5,9   | 4,6   |        |
| Snitt tildelte timer i heimen, praktisk bistand                          | <6,5  | 7,0           | 8,5   | 7,7   |        |
| Heimeten.mottakarar med omfattande bistandsbehov 67-79 år i %            | 13,3  | 13,3          | 13,3  | 12,6  |        |
| Heimeten.mottakarar med omfattande bistandsbehov over 80 år i %          | 27,3  | 27,3          | 14,2  | 11,5  |        |
| Brukbarar i institusjon med omfattande bistandsbehov (korttidsopphald) % | 44    | 44            | 38,9  | 39,9  |        |
| Brukbarar i institusjon med omfattande bistandsbehov (langtidsopphald) % | >91,7 | 91,7          | 82,7  | 79,8  |        |
| Tid med lege per veka per bebruar i sjukeheim (timer)                    | 0,48  | 0,48          | 0,42  | 0,43  |        |
| Tid med fysioterapi per veka per beuar i sjukeheim (timer)               | 0,19  | 0,19          | 0,37  | 0,36  |        |

I samband med innføring av Samhandlingsreforma er det naudsynt med auka kompetanse innan RHO tenestene.

Terskelen for å få heimesjukepleie er høg og dei som får hjelp skal prioriterast. Det er ønskjeleg å redusera noko av omfanget av praktisk bistand for å frigjera ressursar til dette.

Prosentdel av mottakarar med omfattande behov, både i heimetenesta og på sjukeheim, viser kvifor det blir brukta mange ressursar til kvar brukar.

| HELSE   | Mål  | Resultat 2012 |       |       |        |
|---|------|---------------|-------|-------|--------|
|   |      | 2014          | Stord | Grp.8 | Landet |
| Legeårsverk pr 10000 innb                                   | 11   | 9,2           | 7,5   | 8,1   |        |
| Snitt listelengde fastlegar                                 | 1000 | 1001          | 1185  | 1164  |        |
| Del fysioterapi årsverk pr 10000 innb                       | 6,3  | 5,8           | 6,8   | 7,2   |        |
| Reservekapasitet fastlege                                   | 300  | 100           | 103   | 105   |        |
| Røyking gravide kvinner %                                   | 15   | 16            |       | 20    |        |
| Tal hoftebrot pr 1000 innbyggjarar. Gjennomsnitt siste 3 år | 1,8  | 2,2           | 2,1   | 2,2   |        |
| Tal brukarar av frisklivsentral                             | 120  |               |       |       |        |
| Prosentdel uførretrygda 18 – 44 år                          | <2,4 | 2,4           | 2,2   | 2,3   |        |
| Personskadar, behandla i sjukehus                           | 12   | 14            | 13*   | 13    |        |
| Trivst på skulen, 10.klasse                                 | 85   | 76            | 82*   | 84    |        |
| Psykiske symptom og lidingar frå fastlege og legevakt       | 130  | 141           | 132*  | 135   |        |
| Hjarte- og karsjukd. behandla i sjukehus                    | 20   | 24            | 19*   | 18    |        |

\*Fylket

Tilgjenge til fastlege og ordningar som gjev meir «døgnopne kommunar» i helse- og omsorgstenesta er grunnleggjande føresetnader for å kunna stetta krav i nytt lov- og føreskriftsverk. Dette krev tilrettelegging og utvikling av utvida samarbeid i helse- og omsorgstenesta. Røyking skal registrast ved 1.gongs undersøking av gravide kvinner og er eit måltal som er viktig for komande generasjoner. Det kan visa korleis tobakksbruk har utvikla seg mellom unge kvinner. Hoftebrot er ei hending som gjev auka bruk av sjukehus og andre helse- og omsorgstenester. Det er vist gode effektar av relativt avgrensa førebyggjande tiltak, og Stord kommune er i ferd med å satsa på slike.

Frisklivssentralen har individuelle og gruppebaserte tilbod for personar som utifrå helseomsyn treng å endre levevanar. Tiltaka fokuserer mest på kosthald, fysisk aktivitet, meistring, sosial deltaking og røyking.

Trivsel på skulen har nær samanheng med tilpassing til dei krav som samfunnet stiller vidare i livet. Psykiske plager og lidingar viser nær samanheng med funksjonssvikt og trong for offentlege kostnadskrevjande tiltak. Hjarte-karsjukdom er knytt til livsstil som røyking, overvekt, mangefull mosjon og stressrelatert livsstil, i tillegg til arvelege eigenskapar.

| NAV KOMMUNE   | Mål  | Resultat 2012 |       |       |        |
|---|------|---------------|-------|-------|--------|
|   |      | 2014          | Stord | Grp.8 | Landet |
| Snitt stønadslengde 18-24 år , mnd.                     | 3    | 4,3           |       |       |        |
| Snitt stønadslengde 25-66 år, mnd.                      | 3    | 4             |       |       |        |
| Del som går over 6 månader på stønad i %                | 20   | 26,5          |       | 34,4  |        |
| Del mottakarar med individuell plan i %                 | 6    | 3,9           |       | 3,8   |        |
| Tal sos.hjelpmottakarar som får gjeldsrådgj. ved utbet. | 25   | 28            |       |       |        |
| Telefontid for brukarar, timer per veke                 | 37,5 | 37,5          |       |       |        |
| Deltakarar i Kvalifiseringsprogrammet 18-66 år          | 25   | 19            |       |       |        |

NAV kommune vil utvikla tenestene slik at perioden den einskilde mottek økonomisk stønad er kortast mogleg. Bemannninga knytt til Kvalifiseringsprogrammet er styrka og ein vonar at denne kapasitetsauken vil medføre auka tal deltagarar. Elles er det fokus på individuell plan og å auke opp talet på dei som får ein slik plan.

#### Status

Samhandlingsreforma er inne i sitt andre år etter oppstart. Framleis vil det ta nokre år før heile reforma er gjennomført. Samarbeidet mellom helseføretaket og kommunane er regulert i 11 avtalar, og det er oppretta ulike samarbeidsfora.

Kommunen har ansvar for pasientar som er ferdigbehandla av sjukehuset. På grunn av mangel på plassar med heildøgnsomsorg (HDO) har det vore auke i tal på ferdigbehandla pasientar som kommunen ikkje har kunna tatt imot, sjølv om tre plassar ved Rehabiliteringssenteret framleis er øyremerka for ferdigbehandla pasientar. Denne situasjonen må ein rekna med varer ved til nye HDO-plassar er bygd. Kommunen må betala kr. 4000 til sjukehuset pr døgn for dei ferdigbehandla ein ikkje kan ta imot.

Dagaktivitetstilbod til personar med demenssjukdom er utvida frå juni 2013. Dette gjer at me har fått høve til å differensiera tilboden til brukarane i høve funksjonsnivå. Som følgje av øyremerka statstilskot og maksimal eigenbetaling er det rom for ytterlegare utviding i 2014 med 1 dag for 10 personar. Gode dagaktivitetstilbod vil på sikt kunne vera med på å utsetja behov for plass med HDO og gje pårørande viktig avlasting.

Folkehelsekoordinator i 40% stilling er vidareført i 2014. Det er forventa eit årleg tilskot på kr. 150.000 frå Fylkesmannen til folkehelsearbeid dei nærmeste åra. Frisklivssentralen har kome godt i gang og fleire tiltak er sett i verk.

Prosjektet med heimerehabilitering er ferdig ved nyttår. Det vert arbeida med å finna ei framtidig organisering og implementering av heimerehabilitering.

## Utfordringar

For å halde seg innan den økonomiske ramma er det gjort nedtrekk på dei fleste områda. I tillegg til at grunnbemannninga er låg, gjer dette at vikarinnleige ved sjukdom og permisjon vert innskjerpa. Eigenbetaling aukar på dei fleste områda.

Etter statleg norm skulle kommunen hatt 163 plassar med heildøgnsomsorg. I dag har me 122 plassar og manglar altså 41. Dette gjer m a at terskelen for å koma på sjukeheim er høg, og fleire som bur heime har eigentleg behov for eit tilbod med heildøgnsomsorg. I økonomiplanen ligg det inne byggestar nye plassar med heildøgns omsorg først i 2016, med oppstart drift 2018.

Det er ikkje lagt inn ytterlegare ressursar for å møta auke i tenestebbehov pga demografi eller konsekvensar av Samhandlingsreforma.

I investeringsbudsjettet er det sett av kr 1,0 mill til eit kvalitetsutviklingsprosjekt som skal ta opp i seg og vidareføre arbeidet med omsorgsteknologi og heimerehabilitering.

Rehabilitering, helse- og omsorgstenestene vil framleis prioritera dei som har størst behov for hjelp og omsorg og prøva å gje nye brukarar hjelp, sjølv om det ikkje er sett av ekstra midlar til dette. For å effektivisera tenesta praktisk bistand, vil heimetenesta etablira eigen patrulje som skal ivareta praktisk bistand innan eigne rammer.

Ved fleire avdelingar vert forskjellige former for langvaktsturnus prøvd ut. Dette kan gi auka stabilitet for brukarane, og kan vera attraktivt i ein rekrutteringssamanhang.

Ressursgruppa for universell utforming har medlemmer frå ulike delar av kommunal forvaltning og skal fortsetja å møtast, sjølv om ordninga med ressurskommunar er avslutta. Det er viktig å halda fram arbeidet med «eit samfunn for alle».

Kommunen har fått midlar frå Fylkesmannen/ Helsedirektoratet til å prøva ut samhandlingsmodellar på rusfeltet. Gjennom prosjektet skal ein gje brukarar ei heilskapleg oppfølging gjennom tverrfagleg samarbeid med innsats frå fleire einingar.

Det er ei utfordring at ordninga med tilskot til ressurskrevjande tenester ikkje gjeld for personar over 67 år. Særleg merkast dette ved institusjonane.

Kommunen har søkt om deltaking i Bustadsosialt velferdsprogram. Dette er eit prosjekt saman med Husbanken, andre statlege aktørar og andre kommunar, med oppstart 1. januar 2014. Hovudmålet er at fleire vanskelegstilte skal bu i stabile og varige buforhold. Fleire einingar er engasjert i dette arbeidet og ved innvilga søknad, får ein ressursar til kartlegging av stoda og tilskot til programleiar som kan arbeida med og koordinera dette på fulltid over fleire år.

### 5.5.1 Sosialtenester, NAV

Budsjettforslaget inneber at Stord kommune legg ned lågterskel arbeidstilbod for personar med rusvanskar, som kommunen samarbeider med Kirkens bymisjon om. Dette er ei målgruppe det er vanskeleg å finne høvande, arbeidsretta aktivitetar til. Avtalen har oppseiingsfrist på eit halvt år og innsparing i 2014 vert kr 0,350 mill.

Redusert budsjett på økonomisk stønad inneber ein risiko då ein i løpet av våren 2014 når maksimumtid på dei som vart konverterte til arbeidsavklaringspengar våren 2010. Fleire av desse vil mista trygderettar og kan ha behov for økonomisk stønad (sosialhjelp). NAV Stord har pr. i dag 133 uavklarte konverteringssaker.

Det er lagt opp til at ein også i 2014 tek imot 10 nye flyktningar, i tillegg til familiesameiningar.

### 5.5.2 Sosial og førebyggande tenester

Eininga består mellom anna av helsestasjons-, skulehelse- og pedagogisk psykologisk teneste. I framlegg til Statsbudsjett er kr. 180 mill. av veksten i dei frie inntektene for kommunane til ei styrking av helsestasjons- og skulehelsetenesta (714 000 kr til Stord kommune). Denne ramma blir fordelt mellom kommunane på grunnlag av talet på innbyggjarar i aldersgruppa 0 - 19 år. Helsestasjons- og skulehelsetenesta ligg inne med ressursar tilsvarande 17,07 stillingsheimlar mot 14,54 i 2013.

I 2008 etablerte Stord kommune prosjekt Støtteteamet. I 2011 gjekk teamet over i ordinær drift med 1,8 stillingar. Støtteteamet, som er eit tverfagleg lågterskeltilbod til familiar, er ikkje ei lovpålagt teneste og i budsjettframlegget har ein ikkje funne rom for dette tilbodet og foreslår å avvikla drifta. I budsjettforslaget gjer dette ei innsparing 2014 på 1,1 mill. per år.

Ungdomsrådet har ein 20% stilling og i rådmannen sitt forslag til budsjett blir midlar til denne spart. Dette tilsvarer ei innsparing på 98 200. Oppgåvene knytt til ungdomsrådet vert i fyrste omgang lagt på utekontakten. Ein vil i løpet av 2014 vurdera kor oppgåvene knytt til ungdomsrådet skal liggja.

Eininga består også av tilbod til vaksne med utfordringar knytt til rus og/eller psykisk helse. Ein har her hatt eit høgt aktivitetsnivå. Med midlar frå helsedirektoratet har Probis starta opp prosjektet Stord-modellen. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom SOFT og NAV. I rådmannen sitt forslag til budsjett for 2014 vert det lagt inn i drift med kr 0,1 mill.

Oppstart av bufellesskap for brukar med særskilt behov vert foreslått utsett til 1.5.2014. Dette medfører ei innsparing på kr 0,6 mill. i 2014. Andrelinetenesta har fokus på å få brukarar over i kommunale tiltak. Det er ein balanse kor lenge ein kan utsetta tiltak.

### **5.5.3 Habilitering**

Fire personar med utviklingshemming går ut frå Stord vidaregåande skule våren 2014 og vil trenga eit dagaktivitetstilbod frå hausten 2014. Korkje i fjar eller i år er det tilført ressursar til nye dagaktivitetstilbod for utviklingshemma, og ein har tatt imot nye brukarar innan eksisterande rammer. Det vil vera svært utfordrande å gi endå fleire eit slikt tilbod utan å auka ressursane. Midlar til nye dagaktivitetsplassar er sett opp i økonomiplanen først i 2015.

### **5.5.4 Institusjonsdrift**

Stord sjukeheim og Knutsaåsen omsorgssenter har fleire bebuarar som er ressurskrevjande, noko som har gjort at det har vore naudsynt med auka bemanning for å kunne gje fagleg forsvarlege tenester og sikra eit godt arbeidsmiljø. Fleire ressurskrevjande pasientar er og ei økonomisk utfordring, sjølv om deler av drifta vert refundert for dei under 67 år. Eininga ser behov for å auke kompetansen hos personalet innafor både geriatri/demens og psykiatri.

Det har gjennom 2013 blitt gjort ombygging av tre rom til nye sjukeheimspllassar ved Stord sjukeheim, i samsvar med gjeldande økonomiplan. Desse står klar til å takast i bruk ved årsskiftet. Kostnader ved å drifte desse tre romma vert omlag kr. 1.590.000 i 2014. På same måte er det ved Rehabiliteringssenteret lagt til rette for at to bebuarrom kan nyttast som to-sengsrom frå januar 2014. Ekstra driftsutgifter for desse er kr. 2.485.000. I rådmannen sitt budsjettforslag er det ikkje funne rom for drift av desse nye sjukeheimspllassane.

### **5.5.5 Aktivitet og rehabilitering**

Frisklivssentralen er eit lågterskeltilbod til personar som av ulike grunnar treng å endra levevanar. Sentralen vert vidareført i 2014.

Stord kommune deltar i eit «Prosjekt heimerehabilitering» der ein prøver ut felles ambulant team med kommunane Fitjar og Bømlo og Helse Fonna. Innbyggjarar som har hatt opphold ved Stord sjukhus blir vurdert for rehabilitering, og dei med motivasjon og potensiale for å få ein betre kvardag, får tilbod om rehabilitering i heimen. Felles ambulant team består av fysioterapeutar og ergoterapeutar som saman med sjukepleiar og fagarbeidar hjelper brukaren til å nå eigne mål for rehabiliteringa.

Rehabilitering skal bli vurdert før andre tenester. Stor innsats og høg grad av tenester med ein gong i ein kortare periode kan bety at personen treng mindre eller ingen tenester seinare. Ein ser ikkje bort frå rehabilitering i institusjon, men vurderer først heimerehabilitering. Kommunar i Danmark og Sverige har gjort dette før oss med hell, og i Norge er det mange kommunar som har prosjekt eller har fått kvardags- eller heimerehabilitering inn i ordinær drift.

Prosjektperioden for heimerehabilitering i vår kommune er over ut året 2013, og det er satt i gang arbeid for korleis implementera heimerehabilitering i Stord kommune frå 2014.

### **5.5.6 Heimebaserte tenester**

For heimebaserte tenester er budsjett 2014 (med unntak for ressurskrevjande brukarar) redusert tilsvarende 2,75 årsverk. Når kostnadane er auka, er dette relatert til 5 ressurskrevjande brukarar med trong for tenester heile døgeret. Det er ikkje lagt inn ressursar til å møte auke i tenestebbehov pga demografi eller konsekvensar av samhandlingsreforma. Dette blir ei stor utfordring for eininga. Det ligg inne kr 2,1 mill i 2014 til innkjøp av 6 nye el bilar og fleire ladestasjonar.

Eigenbetaling for praktisk bistand i Stord har historisk vore prisa lågt. I KOSTRA 2012 ligg brukarbetaling i % av korrigerte brutto driftsutgifter på 0,8%, mens tal for Hordaland er 1,6 %. Ein justerer seg no opp på nivå med andre kommunar, noko som medfører relativ stor prisauke.

Brukarbetaling for dagsenter vert auka frå 110 kr pr dag til 147 kr pr dag. Auken betyr at me legg oss på makspris for opphold og transport, og at brukarane i tillegg betalar kr 75 for dei to måltidane som er inkludert i tilbodet.

### **5.5.7 Kundetorget**

Eininga har fått auka driftsutgifter i samband med samhandlingsreforma. Det er store krav til god sakshandsaming, og det er behov for kurs i sakshandsaming og bruk av lovverk.

Kostnaden til medfinansiering har dei siste to åra vore underfinansiert ved at kr 2,0 mill vart nytta til drift av 3 sengeplasser ved rehabiliteringssenteret. I forslag til budsjett legg rådmannen opp til fullfinansiering av denne ordninga. Det er ikkje lagt inn midlar til å betale for utskrivingsklare pasientar som kommunen ikkje kan ta i mot.

### **5.5.8 Bustader for personar med særskilte behov**

Kartlegging i juni i år for perioden 2013- 2016, viser behov for 14 bustader til personar med utviklingshemming og personar med psykiske og fysiske vanskar. I tillegg er det behov for to bustader til flyktningar og fire til personar med rus og psykiske vanskar. Overordna bustadgruppe har prioritert bygging av 6- 8 bustader for personar med utviklingshemming i eit bufellesskap, 2 for flyktningar og 4-5 for personar som har vanskar med rus og psykisk helse. Det er sett av midlar til bygging av desse i 2016. Som ein del av planlegginga må ein vurdere om kommunen sin strategi skal vera å byggje større einingar for å redusere driftskostnadane. Dette er grep som bryt med tanken om små bufellesskap rundt om i kommunen. Tilbakemeldingane frå brukarorganisasjonane er negative, men den økonomiske situasjonen gjer likevel at det er naudsynt å ta diskusjonen. Det er ei utfordring å budsjettera driftskostnader då desse er knytte til enkeltvedtak. Auka driftskostnader må innarbeidast i 2017-budsjettet.

### **5.5.9 Legetenesta**

Det er nyleg vedteke samarbeid om interkommunal legevakt mellom kl.16 og kl.08 i vekedagane, samt helgene for kommunane Stord, Fitjar og Bømlo. Legevaka vert organisert som eit IKS og oppstart vert i eksisterande lokaler på Stord sjukhus medio januar 2014.

Knytt opp mot legevakta ønskjer kommunane å oppretta akuttplassar og etablera korttids-/observasjonsplassar saman med desse. Det er eit krav at kommunane skal oppretta akuttplassar innan år 2016. For å planlegge dette er det gjennomført eit forstudie som konkluderer med at det straks over nyttår bør setjast i gong eit forprosjekt som klargjer for byggestart i 2015 med utgangspunkt i ei sengeavdeling med 9 sengeplassar. Helse Fonna har ikkje bygningsareal til dette, men ein er i dialog om å leige eit tomteareal tett opp mot sjukehuset. Det er sett av kr 2,1 mill i prosjekteringskostnader i 2014 og kr 13,1 mill i brutto bygkekostnader (Stord kommune sin del) i 2015. Stord vil få om lag kr 8,5 mill i statstilskot og mva-refusjon. Forprosjektet vil avklara driftskostnader, noko ein lyt koma attende til seinast i 2016-budsjettet.

## 5.6 Kommunale føretak

Kommunestyret vedtek føretaka sine økonomiplanar og budsjett, inklusive investeringar, betalingssatsar og avgifter. Kommunestyret vedtek nettoramme drift for Stord vatn og avlaup KF inklusiv overføring til fagområda veg, trafikk og parkering spesifisert etter ansvar og tenesteområde. For Stord kommunale eigedom KF fastset kommunestyret internhusleige og vedtek overføringa til Stord kommune, samt overføring til grøntavdelinga spesifisert etter ansvar og tenesteområde.

Etter at kommunestyret har vedteke budsjettet skal styret for føretaket utarbeida eit spesifisert budsjett som skal sendast fylkesmannen i samsvar med retningslinene i § 2 i Forskrift om særbudsjett, særrekneskap og årsmelding for kommunale føretak.

Styret for føretaket har mynde til å omdisponera midlar mellom budsjettformål og/eller prosjekt innanfor føretaket sine budsjetttrammer. Omdisponeringar skal leggjast fram som meldingssak til kommunestyret. Slike omdisponeringar skal likevel ikkje vera i strid med økonomireglementet om avgrensingar og føresetnader knytt til fullmakter, dvs. at endringane ikkje skal vera i konflikt med mål og prioriteringar i årsbudsjettet eller andre politiske vedtak. Føretaka sine budsjettframlegg følgjer som vedlegg til kommunebudsjettet.

### 5.6.1 Stord kommunale eigedom KF (Ske KF)

Overføringa til føretaket er todelt. Kommunen kjøper reinhaldstenester og vert belasta med ei intern husleige. Internhusleiga skal reflektera kostnaden ved arealbruk, og skal dekka føretaket sine drifts- og kapitalkostnader og vedlikehald. Rådmannen tilrår å kjøpe reinhaldstenester for 16 450 075 mill. kr som er ein auke på kr 99 771 i høve til revidert budsjett 2013. Dette er i samsvar med Ske KF sitt budsjettframlegg.

Stord kommune har ei stor utfordring ved at ressursane ikkje har vore tilstrekkelege til eit formuesbevarande vedlikehald. KS vurderte i 2008 etterslepet på vedlikehald på kommunale bygg til 300 mill. kr. Ifølgje Rådgjevingstenesta for barnehage- og skulebygg vil eit forsvarleg nivå på vedlikehald vera i storleik kr 80-120 per m<sup>2</sup> bygg per år. Multiconsult hevdar om lag kr 200, jf. Vedlikehaldsplan for skulebygg 2014-17, utarbeida av Ske KF. Nøkkeltal frå KOSTRA syner at Stord kommune er langt frå å ha eit formuesbevarande vedlikehald, og at ein ligg langt under det som er gjennomsnittet i kommunane.

Ein finn i budsjettforslaget likevel ikkje rom for å auka posten for vedlikehald. Rådmannen gjer i samsvar med budsjettframlegget frå føretaket framlegg om at den samla internhusleiga vert sett til kr 93 007 220. Overføringa til kommunen vert foreslått sett til kr 83 296 929. Føretaket har i sitt framlegg sett overføringa til kommunen til 74 073 700 kr, det er såleis eit avvik mellom dei to budsjetta på om lag kr 9,2 mill. Føretaket har m.a. bede om 7,4 mill. til auka driftskostnader bygg og 1,0 mill. i redusert prosjektfinansiering.

Det er framlegg om ei løyving på 3 mill. kr på investeringsbudsjettet til påkosting av kommunale bygningar i 2014, dvs. planlagde tiltak som aukar standarden på bygga i høve til det opprinnelige nivået. Det er i samsvar med økonomiplanen lagt opp til investering i enøk, innemiljø, brannsikring og HMS-tiltak på kommunale bygg med til saman kr 7,5 mill.

Rådmannen legg opp til at føretaket sitt akkumulerte underskot vert dekka inn over basisorganisasjonen sitt driftsbudsjett.

| Budsjett Ske KF                         | 2013              | 2014              | Endring        |
|---|-------------------|-------------------|----------------|
| Kjøp av reinhaldstenester               | 16 350 304        | 16 450 075        | 99 771         |
| Internhusleige                          | 89 737 426        | 93 007 220        | 3 269 794      |
| Overføring frå kommunen<br>(park/grønt) | 3 690 886         | 3 801 613         | 110 727        |
| Overføring til kommunen                 | 80 093 250        | 83 296 929        | 3 203 679      |
| <b>Netto ramme</b>                      | <b>29 685 366</b> | <b>30 575 927</b> | <b>276 613</b> |

Tala for internhusleige er ikkje direkte samanliknbare mellom åra 2013 og 2014. Det er mellom anna lagt til leige for halltimar for gymsalar på Stord ungdomsskule og Nordbygd ungdomsskule, med kr 0,8 mill på kvar.

### 5.6.2 Stord vatn og avlaup KF (Sva KF)

Investeringane innanfor avgiftsområda vassforsyning og avlaup er i stor grad basert på tiltaksprogrammet i hovudplan for vassforsyning og hovudplan for avlaup. Tiltaka i desse planane er styrande for prioritert utbygging av vatn og avløpsanlegg. Kommunedelplan for avløp er revidert i 2005, og kommunedelplan for vassforsyning blei revidert i 2006. På avløpssida overstyrer dei nye reinsekrava frå Klima- og forurensningsdirektoratet (Klif) hovudplanen. I budsjettet 2014-2017 er det berekna økonomiske konsekvensar av desse krava. Det er knytt stor uvisse til desse summane.

Store delar av investeringsbudsjettet går til samarbeidsprosjekt med lokale utbyggjarar. Ein erfarer at dette som ein effektiv og kostnadsreduserande måte å byggja ut VA-nettet. Det vert elles synt til vedlagde budsjettframlegg frå Sva KF. Føretaket legg opp til følgjande kommunale eigedomsgesbyr for 2013:

| Eigedomsgesbyr 2013 (eks mva) |                         | 2013   | 2014   | Auke kr |
|-------------------------------|-------------------------|--------|--------|---------|
| Vassavgift                    | Årsavgift vanleg bustad | 3 188  | 3 188  | 0       |
|                               | Tilknytingsavgift       | 15 000 | 15 000 | 0       |
| Avløpsavgift                  | Årsavgift vanleg bustad | 3 739  | 3 739  | 0       |
|                               | Tilknytingsavgift       | 15 000 | 15 000 | 0       |
| Renovasjon                    | Standard løysing SIM    | 1 902  | 1 902  | 0       |

Rådmannen gjer framlegg om at kommunestyret vedtek budsjettframlegget frå Stord vgn og avlaup KF slik det ligg føre.

### Veg, trafikk, parkering

I budsjettframlegget frå Sva KF heiter det m.a. om budsjettframlegget for Veg, trafikk, parkering:

«Tenesteområdet er underfinansiert. Etterslepet på vedlikehald og utskifting er merkbart stort, og blir større og større for kvart år som går utan auka midlar. Føretaket ber om at vedlikehaldsmidlane blir auka i planperiodane framover. Ein auke er ikkje tatt med i dette budsjettframlegget. Kommunestyret har fatta vedtak på at avdelinga skal styre mot budsjettmåla. Budsjetta er tufta på gjeldande økonomiplan.»

For å saldera driftsbudsjettet innanfor rammene av gjeldande økonomiplan gjer føretaket framlegg om følgjande tiltak for å dekka inntektstap på 1,5 mill. kr som følgje av tapte parkeringsinntekter og – gesbyr:

| Tiltak for å få driftsbudsjettet for avdeling Veg, trafikk, parkering i balanse |         |
|---|---------|
| Tiltak  | Sum     |
| Reduserte personalkostnader   | 357 000 |
| Reduserte kostnader klagehandsaming P-gebyr                                     | 50 000  |
| Auka gebyrinntekter graveløyve  | 100 000 |
| Skifte av bank  | 50 000  |
| Stenging gatelys april-oktober  | 750 000 |
| Stenging av venterom i Leirvik sentrum  | 282 500 |

Revidert budsjett 2013 vert elles vidareført i 2014, justert med løns- og prisvekst på 3 %. Overføringa til VTP utgjer etter dette kr 8 248 319. Momskompensasjon opptent i drift vert inntektsført i føretaket og aukar nettoramma. Momskompensasjon opptent i investering er med og finansierer investeringane på VTP. Det er lagt opp til ei investeringsramme innanfor veg på 4 mill. i 2014. Kr 1,0 mill. av dette er avsett til trafikksikring. Dette er ein auke frå 2013 med 1,5 mill. kr.

Investeringane innanfor veg, trafikk og parkering, er i stor grad tufta på tiltaksprogram i gjeldande trafikksikringsplan, prioriterte saneringslister i fagavdelinga og utkast til ny hovudplan veg. Ein viser elles til føretaket sitt budsjettframlegg.

## 6. Finans, avgifter, betalingssatsar

### 6.1 Gebyr og betalingssatsar

Dei kommunale vatn, avlaup og renovasjonsavgiftene vert fremja av det kommunale føretaket Stord vatn og avlaup KF, jf. avsnitt 5.6.2 over.

Budsjettforslaget har innarbeida ein avgiftsauke på 5 % på gebyr for feiling og branntilsyn. Dette for å dekke inn tidlegare underskot innanfor området. Det er foreslått ein auke på 5 % på elevavgift og instrumentleige, og 8 % på dirigenttimar. Det er og noko endring i søskenmoderasjon. Saker om betalingssatsar vert lagt fram for komiteane i medhald av gjeldande fullmakter. Betalingshefte vert lagt fram som vedlegg til budsjettframlegget.

### 6.2 Finansinntekter og –utgifter, lånegjeld

Kommunen si samla lånegjeld eksklusiv startlån vil ved utgangen av 2013 vera på kr 1 107 mill. Stord hamn sin del av gjelda er kr 12,1 mill. Kommunen har vidareutlånt startlån for kr 112 mill.

Minimumsavdrag er rekna ut etter bestemmelsane i kommunelova § 50 nr. 7. Det er lagt til grunn minimumsavdrag for heile planperioden. Kommunen har store lånepoptak til investeringsprosjekt som står som unytta lånemiddel anten fordi prosjektet ikkje er starta opp (utsett/forseinka) eller ikkje vert realisert. Rådmannen foreslår no å betale inn desse låna som ekstraordinære avdrag hausten 2013. Dette vil lette rente og avdragsbelastinga i 2014, og er i tråd med ny vegleiar om budsjettering av investeringar og avslutning av investeringsrekneskapen utgjeven av kommunal – og regionaldepartementet. Aktuelle prosjekt er:

- Ådland studentheim, kr 34 000 000
  - Busslommer Leirvik, kr 1 000 000
  - Stord Vatn og avlaup kr 48 000 000
- |     |               |
|-----|---------------|
| Sum | kr 83 000 000 |
|-----|---------------|

| Foreslått lånepoptak i perioden (1000 kr) | 2014           | 2015           | 2016           | 2017           |
|---|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Startlån                                  | 25 000         | 25 000         | 25 000         | 25 000         |
| Avgiftsfinansierte lånepoptak             | 73 000         | 94 800         | 105 860        | 98 600         |
| Lån Stord Hamn                            | 3 060          | 1 000          | 700            | 500            |
| Andre lån                                 | 70 880         | 75 879         | 143 659        | 109 743        |
| <b>Sum lånepoptak</b>                     | <b>171 940</b> | <b>196 679</b> | <b>275 219</b> | <b>233 843</b> |

| Lånegjeld per 31.12 (mill. kr)   | 2013         | 2014         | 2015         | 2016         | 2017         |
|----------------------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| Total lånegjeld                  | 1 219        | 1 359        | 1 521        | 1 755        | 1 943        |
| Formidlingslån/startlån          | -103         | -123         | -143         | -123,5       | -143         |
| <b>Eigne lån</b>                 | <b>1 116</b> | <b>1 236</b> | <b>1 378</b> | <b>1 632</b> | <b>1 807</b> |
| Utlån til Stord Hamnestell       | -12,1        | -14,81       | -15,11       | -15,21       | -15,31       |
| Lån finansiert over VA-området   | -441         | -502         | -579         | -663,6       | -738,1       |
| <b>Sum lån ekskl. VA og hamn</b> | <b>663</b>   | <b>719</b>   | <b>784</b>   | <b>953</b>   | <b>1 047</b> |

| Berekna renter og avdrag (1000 kr)   | 2014    | 2015    | 2016    | 2017    |
|--------------------------------------|---------|---------|---------|---------|
| Renteutgifter                        | 48 143  | 55 189  | 66 162  | 76 968  |
| Avdragsutgifter                      | 31 995  | 35 367  | 39 429  | 45 681  |
| Sum rente og avdrag                  | 80 138  | 90 556  | 105 591 | 122 649 |
| Interne renter og avdrag (sjølvkost) | -27 869 | -33 783 | -43 733 | -52 395 |
| Netto rente og avdrag                | 52 269  | 56 773  | 61 858  | 70 254  |

Det er lagt til grunn ei flytande rente på 2,13 % i 2014 og fast rente berekna etter dei låneavtalane kommunen har i dag. Vidare i økonomiplanen har ein lagt desse rentene til grunn: 2015: 2,83 %, 2016: 3,59 % og 2017: 3,98 %.

I årsbudsjettet for 2014 er det forventa slik avkastning på kommunen sine midlar:

| Aktivaklasse                          | Kapital<br>1000 kr | Forventa<br>avkastning i<br>% | Budsjettet uttak<br>avkastning i 1000 kr. |
|---------------------------------------|--------------------|-------------------------------|---|
| Lån kraftsalsfond/kontanter           | 12 000             | 2,85 %                        | 342                                       |
| Obligasjonar                          | 88796              | 3,24 %                        | 2 877                                     |
| Aksjar                                | 13 000             | 7,00 %                        | 910                                       |
| Andel kraftselskap (SKL)              |                    |                               | 2 300                                     |
| Renter av andre plasseringar og utlån |                    |                               | 7 541                                     |
| Sum                                   |                    |                               | 13 970                                    |

Andre plasseringar er m.a. startlån (ca. 2,788 mill. kr), renter av bankinnskot/ skattetrekkskonto (ca. 4,245 mill. kr), andre utlån (0,048) og morarenter (ca. 0,460 mill. kr).